

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune
Møtedato: 01.03.2013
Møtetid: 09:30
Stad: Møterom: Flora samfunnshus - Ytterøyane
Møtenr.: 2/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen sak 09/13.

Melding til: Ordførar(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 07/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 08/13 Skriv og meldingar.
- 09/13 Overordna analyse.
- 10/13 Eigenvurdering revisor sin ubundenskap.
- 11/13 Oppfølgingsliste 2-2013 Flora.
- 12/13 Eventuelt.

Flora, 21.02.2013.

Bjarne Holme (s)
Leiar


Asgeir Tveit
 **SEKOM-sekretariat**
SEKOM-sekretariatet er et samarbeidsorgan mellom kommunene i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

007/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.03.2013	007/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

008/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.02.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.03.2013	008/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 09-13 Brev frå Kryss revisjon til Floa kommune om rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald, datert 04.01.20123.
- SM 10-13 Tilsvar frå rådmannen Tilsyn i høve risiko for misleghald, datert 11.02.2013.
- SM 11-13 Skjema for revisjonsuttale knytt til tilskotsordninga for særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester i kommunane.
- SM 12-13 E-post frå nestleiar i kontrollutvalet Ingvar Torsvik Myrvollen om Fag og fest, tilsette og politikarar, datert 11.02.2013.
- SM 13-13 Årsrapport for 2012 Kemneren i Flora kommune.
- SM 14-13 Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Flora kommune.
- SM 15-13 Vedtak bystyresak 008/13 Sluttrapport – Botnastranda – Ny tilkomstveg.
- SM 16-13 Vedtak bystyresak 007/13 Sluttrapport prosjekt 78624 Trafikksikring 2010.
- SM 17-13 Vedtak bystyresak 006/13 Sluttrapport – Grovastøylen skytebanefelt.
- SM 18-13 Vedtak bystyresak 005/13 sluttrapport – prosjekt 79507 – Rehab avl – leidningar.
- SM 19-13 E-post frå Sekom-sekretariat til Flora kommune om tilsvar brev Fylkesmannen av 09.01.2013 om klage på manglande vedtak om kommunal tilskot for Furuhaugane barnehage.
- SM 20-13 Arkivsak vedr tilskot barnehagar.
- SM 21-13 E-post frå Sekom til Flora kommune – tinging av dokument vedr kommunalt tilskot til private barnehagar i 2012.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Dagleg leiar/
Revisjonssjef: Terje Førde, Mobil: 99 22 92 27
terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no
Bank: 3705.08.27845
Org. nr.: 987 608 064 MVA

Kopi: Ordføraren
Kontrollutvalet

Flora kommune
v/Rådmannen
6900 Florø

Dykkar ref.:

Vår ref.:
\\misleghaldtilsyn13/13

Arkivkode:
216

Journalnr.:
01 / 2013

Dokumentdato:
4. januar 2013

RÅDMANNEN SITT TILSYN I FORHOLD TIL RISIKO FOR MISLEGHOLD, M.V. :

I følge gjeldande *revisjonsstandardar* (ISA) skal revisor opparbeide seg ei forståing av kommunen si verksemd og dei risikoforholda som knyter seg til den økonomiske rapporteringa i kommunen. Bakgrunnen for dette er at revisor skal kunne rette sin innsats inn imot områder der risikoen er størst for at vesentleg feilinformasjon, eller områder der faren for at feil og manglar av vesentleg karakter, kan oppstå. Dette enten slik feilinformasjon, eller feil og manglar, skuldast bevisste eller ubevisste feil.

For å vere oppdatert og deri oppnå auke i forståinga av den kommunale verksemda og eksisterande risikoforhold, krev gjeldande revisjonsstandard at *revisor skriftleg innhentar årleg* uttale frå leiinga i kommunen om korleis risiko for misleghald vert vurdert, korleis denne risikoen blir handtert, kommunikasjon nedover i organisasjonen i forhold til handtering av risiko, og kommunikasjon frå leiinga i forhold til forvaltningspraksis og etisk adferd.

Revisjonen tør derfor be om skriftleg tilbakemelding på følgjande:

- rådmannen si eiga vurdering av risikoen for at kommunen sitt rekneskap kan innehalde vesentleg feilinformasjon som skuldast misleghald
- kva prosessar rådmannen har lagt opp til for å identifisere og handtere risiko for misleghald i kommunen – inkludert eventuelle betydelege risiki for misleghald som er identifisert, eller postar i rekneskapen eller opplysningar knytta til rekneskap, der det er sannsynleg at det ligg føre misleghald
- kva eventuell kommunikasjon har rådmannen med Flora Bystyre vedkomande slike prosessar
- kva eventuell kommunikasjon rådmannen har med tilsette vedkomande eigne synspunkt i forhold til forvaltningspraksis og etisk åtferd
- om rådmannen har kjennskap til eventuelle faktiske, mistenkte eller påståtte misleghald i kommunen

Regionskontor for kommunane:
Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:
Forde, Jølster, Nausdal, Gaular
Forde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Forde
Postboks 487, 6801 Forde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:
Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

- om rådmannen har kjennskap til om kommunen er eksponert for feil eller manglar som skuldst mislegheiter som kan knytast til *realasjonar til nærståande partar* og transaksjonar med desse:
 - *kva er identiteten til kommunen sine nærståande partar og kva eventuelle endringar som har vore det siste året*
 - *kva slags relasjonar kommunen har til desse nærståande parter, og*
 - *korvidt kommunen har gjennomført transaksjonar med desse og i tilfelle ja, kva slags transaksjonar, og kva som var føremålet med transaksjonane*

Vi håper De kan gje oss nokre kommentarar til ovannemnde, og tør be om rådmannen sitt svar tilbake til oss kan ligge føre innan 10. februar 2013.

Florø den 4. januar 2013
Med helsing

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Kopi: Kontrollutvalet
Ordføraren



Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord
Pb. 487

6801 FØRDE

Vår ref.
11/169-8/K1-216//LIAS

Dykkar ref.
\\misleghaldtilsyn13/1/13

Dato:
Florø: 11.02.2013

TILSYN I HØVE RISIKO FOR MISLEGHOLD MV

Eg viser til revisor sitt brev av 4. januar 2013.

Eg har slike kommentarar til dei spørsmåla som vert reist:

I utgangspunktet er rådmannen sin vurdering at det er liten risiko for at kommunen sin rekneskap skal innehalde **vesentleg feilinformasjon** grunna misleghald. Identifisering og handtering av risiko er i første omgang ei problemstilling om forebygging.

Vesentlege prosessar/prosedyrar i denne samanhengen er:

- Prinsippa i finansreglement/økonomireglement og delegering av tilvisingsfullmakt.
- Elektronisk fakturalhandsaming som sikrar lett tilgang til faktura i ettertid.

Eg legg ved ei liste over område innfor økonomiforvaltinga som kort peiker på ulike tilhøve. Dette er grunnlaget for rådmannen sin vurdering av at risiko for feilinformasjon grunna misleghald er liten. Men risiko er til stades.

Risikoområde slik rådmannen ser det i dag er:

- **Innkjøp.** I kva grad er det lojalitet til innkjopsavtaler? Eg vil hevde at lojaliteten til innkjopsavtaler er god, men også at den kan bli betre. Eit anna moment er at dårlege eller manglande inventaroversyn kan gje grunnlag for innkjøp av nytt inventar der det ikkje er trong for det – eller vanskar med å dokumentere om inventar er fjerna til domes.
- **Kontantkasser/kassefunksjonar.** Dette er eit risikoområde, men talet på kasser er redusert og såleis også risikoen. Det har likevel tidlegare vore ei avskilssak knytt til dette, noko som jo betyr at avviket er oppdaga.
- **Forvaltning av andre sine midlar.** Vi har tidlegare blitt utfordra til å forklare spesielle minibankuttak, pengar og medisinar som forsvinn/ er påstått forsvunne frå brukarar sine heimar (heimar) Også i eit slikt høve har det vore avskilssak. Tenestene har arbeidd med å kvalitetssikre rutiane her.
- **Bruk av materiell/leasing.** Kommunen har etter kvart mange bilar som vert nytta i teneste. Eg oppfattar det slik at rutiane våre på dette området kan bli betre i høve å sikre at materiell berre vert nytta i teneste. Dette kan føre til skattesmell for den det gjeld, men også for kommunen.

Postadr.:
Markegata 51
6900 FLORØ

Besøksadr.:
Strandgata
30 Strandgata 30

Telefon / faks:
57 75 60 0057 75 60 00 /
57 75 68 8057 75 68 00

Bankgiro:
3775 07 09002

E post:
postmottak@flora.kommune.no
Org.nr. 935 473 578 MVA

- **Investeringsprosjekt.** Dette er det området der det er størst summar – og sjølv små avvik kan representere betydelege midlar. Dei større korrupsjonssakene i landet har vore knytt til investeringar i større målestokk – eller at forvaltingsområdet har vore fråkopla den vanlege kommuneorganisasjonen. Dei kommunale føretaka skal i prinsippet følgje same prinsippa som kommunen elles, men rådmannen har ikkje direkte innsyn i alt som skjer i KF samanheng.

Rutinane som er etablert har alle vore anten vedteke i folkevald organ eller informert til folkevald organ. Dersom det vert avdekka tilhøve som til dømes fører til avskilssak så er også politiske utval orientert om dette – men utan at person/detaljar vert gjort greie for.


Dei generelle prinsippa om god forvaltningsskikk og prinsipp for etisk korrekt åtferd er diskutert i samband med årlege leiarsamtaler. Fokus på dette kan heilt sikkert verte betre.

Rådmannen vert orientert anten direkte frå testeiarar eller vedkomande kommunalsjef dersom det er iverksett undersøking eller handlingar i samband med misleghald. Både tilhøve nemnd over i tilknytning til kasseoppgjer og i høve forvalting av midlar har rådmannen konkret kunnskap om.

Controller har i 2012 saman med innkjøpskoordinator og arkivleiar hatt fokus på innkjøpsområdet knytt mot lov om offentleg anskaffing, offentleglova og kommunen sine etiske retningslinjer. Dette fokuset har og vore retta mot dei kommunale føretaka. Kontrollane har og sett fokus på rutinar for arbeidsdeling for å kunne forhindre eventuelle korrupsjonssaker. Innkjøpsområdet kan vere komplisert difor vil controller ha eit betydeleg fokus på dette og i tida som kjem.

Storleiken på dei tilfella som er nemnd gjer at eg vurderer risiko for feilinformasjon om kommunen sin totalsituasjon som liten.

Med helsing


Terje Heggheim
Rådmann

Kopi: Ordførar
Kommunalsjefar, stabsleiarar, controller

Vedlegg 1: Risikoområde

Vedlegg 2: Delegering av tilvisingsmynde.

RISIKOOMRÅDE

Innkjøpsområdet

- Jmf tilvisingsfullmakt
- Elektronisk fakturahandsaming sikrar lett tilgang til faktura i ettertid
- Alle faktura skal verte sendt til felles fakturaadresse og skal merkast med leveringsadresse, sjølv om det nokre gonger vert sendt faktura til andre avdelingar.
- Minst 2 personar må godkjenne faktura
- Lojalitet til innkjøpsavtaler er god, men kan bli betre.
- budsjettkontroll
- Beløpsgrense: Innkjøp over ein viss storleik vert kvalitetssikra i samsvar med lov om off. anskaff..
- Anbud/konkurranse.
- Rutiner i prosjekthandbok må oppdaterast til å kvalitetssikre lov om off. anskaff.
- Økonomiavd har rutiner for kontroll av at fakturakopier ikkje vert betalt
- Systemet sikrar bruk av rett bankkonto
- Bedre kontroll av endring i faste data på leverandørar

Inventarprotokoll/anleggsregister

- Dårleg/manglande inventarprotokollar
- Kontroll med kva vi har?

Inntekter – refusjoner

- Alle refusjonskrav skal fakturerast frå Økonomiavdelinga

Kontantkassar

- Avgrensa tal kassar
- Utarbeide like skjema for kassaavstemming
- Kassateljing-faktisk kontroll frå Økonomiavdelinga

Bankkontoar

- Ulike personar bør stå for utbetaling og bokføring av bankbilag
- Dei fleste betalingar og kvittering av betaling er elektronisk

Forvaltning av andre sine midlar

Lønsområdet

- Kreve dokumentasjon ved endring av bankkontonr
- utgiftsrefusjonar – reise/diett
- lønsmottakar som sluttar – stopp i lønn
- timelister utbetalt fleire ganger
- bokførte bilag – kontrollert av andre enn den som har registrert
- ikkje registrere eigne timelister/endringsmedlingar

Finansforvaltning

- vedteke reglement
- pengeplassering/avkastning
- låneopptak

Tilvisingsfullmakt Flora kommune

Rådmannen delegerer herved tilvisingsfullmakt til:

Namn	Teneste nr	Teneste namn	Art
			Alle
Fullmakta gjeld frå dato:			

etter følgjande kriterie:

Utøving av tilvisingsmynde

Tilvisingsmynde og budsjettansvar følgjer stillingsheimelen.

Mynde kan trekkjast attende av den som har gjeve fullmakt.

Underordna kan ikkje tilvise overordna sine rekningar.

Den som har tilvisningsmynde, kan ikkje tilvise eigne rekningar, eller for familiemedlemer.

Rådmannen tilviser utbetalingar til tenesteleiarar.

Feilaktige tilvisingar kan medføre økonomisk ansvar for tilvisar.

Det skal gjevast skriftleg melding om kven som tilviser i ferietida og ved fråvær.

Den som er delegert tilvisingsmynde frå rådmann, kan delegere den vidare éitt ledd, som vert gjort ved å fylle ut dette skjema.

Den som tilviser, må forsikre seg om at det er budsjettmessig dekking for summen, og at det er eit sikkert grunnlag for å tilrå utbetaling. Tilvisingsordre skal gjevast til økonomikontoret for kvar sum som skal utbetalast. Faste løner, andre faste utgifter og renter og avdrag på kommunen si gjeld kan utbetalast etter «ståande tilvisingar», dvs. tilvisingar som gjeld til den vert endra.

Før utbetaling skjer, skal originalfaktura tilvisast, dvs. utbetalingsordre frå den som har slik mynde. Ordren skal vise utbetaling av ein visst sum til ein viss person, og vise den budsjettposten(art-teneste-funksjon) summen skal trekkast av. Rett momskode, momskompensasjonskode og evt. prosjekt. Tilvising inneber også ei godkjenning av at fakturaen/vara ikkje er betalt/handsama tidlegare. Den som har tilvisingsmynde kan ikkje attestere og tilvise på same bilag.

Før utbetalingsordre kan gjevast, skal følgjande vilkår sjekkast:

- at det ligg føre gyldig vedtak om løyving
- at det finst dekking for summen
- at den fakturerte vara eller tenesta er motteken i høve til ordre.
- at forskriftene for rekneskapsføring vert følgde.
- at tilvising skjer utan unødig opphold og i alle høve i god tid før forfall.

Denne melding settar krava i økonomiregleret til tilvisingsfullmakt og skal sendast økonomiavdeling som signaturprøve med kopi til revisjon.

Rådmann/ Fullmaktsgjevar

dato

Tenesteleiar/ Fullmaktsmottaker

KOPI

**Skjema for revisjonsuttalelse
knyttet til tilskuddsordningen for særlig ressurskrevende
helse- og omsorgstjenester i kommunene.**

(Statsbudsjettets kapittel 575, post 60)

Tjenester ytt i 2012.

Denne uttalelsen gjelder:

Kommunennummer:	Kommunenavn:
1401	Flora kommune

Hvor mange kontroller (antall tjenestemottakere) ligger til grunn for revisjonsuttalelsen?	17
Hvor mange tjenestemottakere anser revisjonen at kommunen kan kreve refusjon for?	17
Hva er samlet netto utgift (kolonne 9 i innrapporteringsskjemaet) for de tjenestemottakere som revisjonen mener kommunen kan kreve refusjon for?	56 169

Eventuelle kommentarer:

Vi viser til kommentarer kring brukar nr 8 i kommentarfeltet.

Vi har gjennomført kontroll som avtalt og listet opp i denne revisoruttalelsen. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlinger". Kontrollen er utført for å hjelpe Helsedirektoratet i vurderingen av riktigheten i rapporteringen fra kommunen, slik den er beskrevet i dokumentet rundskriv IS-4/2013 fra Helsedirektoratet og er i tråd med de kontrollhandlinger som fremkommer i brev til kommunens revisor fra Helsedirektoratet.

Kontaktinformasjon	
Navn på revisjonsselskap	Kommunerevisjon i ytre Sogn og Sunnfjord, <i>Kryss revisjon</i>
Kontaktperson	Trine Vokuhl <i>Kommunerevisor I</i>

E-postadresse til kontaktperson	Trine.vokuhl@kryssrevisjon.no
Telefonnr. til kontaktperson	917 42 035

Dato	Underskrift av revisor
14.02.13	  KOMMUNEREVISJONEN I TYRE SOGN OG SUNNFELD

Tveit Asgeir

Fra: Ingvar Torsvik Myrvollen <Ingvar.Torsvik.Myrvollen@hoyre.no>
Sendt: 11. februar 2013 09:48
Til: Tveit Asgeir
Kopi: bjarne.holme@fora.frp.no
Emne: VS: Fag og fest, tilsette og politikarar

Hei Asgeir - kopi Bjarne

"Fag og fest" er eit årleg program ein laurdag i februar der politikarar/tilsette i Flora kommune møtast til mat/festleg samvær - og om eg har oppfatta rett, litt fagleg påfyll

Håper KU-medl får høve til å delta frå neste år av

Beste helsing Ingvar

Fra: Ingvar Torsvik Myrvollen
Sendt: 11. februar 2013 09:45
Til: Heggheim Terje
Kopi: bengt.solheim-olsen@flora.kommune.no; bjarne.holme@fora.frp.no
Emne: SV: Fag og fest, tilsette og politikarar

Hei igjen - og takk for det

Om det skulle vere greitt for neste år, er det jo fint om dette formidlast til alle medl. av KU. Dette er berre eit innspel frå meg, og ikkje uttrykk for noko misnøye, men altså innspel for neste år osb.

Beste helsing Ingvar

Fra: Heggheim Terje [Terje.Heggheim@flora.kommune.no]
Sendt: 11. februar 2013 08:16
Til: Ingvar Torsvik Myrvollen
Emne: SV: Fag og fest, tilsette og politikarar

Sjølv sagt, fag og fest er meir inkluderande enn ekskluderande.
 Vi er blitt litt rutineprega og tradisjonelle i våre invitasjonsrutiner, så skulle vi gløyme det - sei gjerne ifrå.
 Kontrollutvalet sine medlemmer er velkomne til Fag og Fest 2014.
 theggheim

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Ingvar Torsvik Myrvollen [<mailto:Ingvar.Torsvik.Myrvollen@hoyre.no>]
Sendt: 10. februar 2013 12:57
Til: Heggheim Terje; Solheim-Olsen Bengt; Bjarne Holme (FrP)
Emne: Fag og fest, tilsette og politikarar

Hei

Kan dette vere aktuelt også for kontrollutvalet sine medl. å kunne delta på neste år, eller er det for faste bystyremedlemmar?

Beste helsing Ingvar
Nestleiar KU

Sendt fra min iPhone



Årsrapport for 2012

Kemneren i FLORA kommune

Årsrapport år/dato: 2013/20.01 Kemnaren i Flora Kommune
Adr: Hans Blomgt. 5, Postboks 264, 6902 Florø – ogr.nr.: 990 490 740 – Konto for skatt 6345 06 14019 –
Tlf.nr.: 57 75 60 00 – Fax 57 75 68 90

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret	3
1.1.1 Ressurser.....	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret.....	4
1.4 Skatteutvalg	4
2. Skatteregnskapet.....	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	4
2.2 Margin.....	4
2.2.1 Margin for inntektsåret 2011	4
2.2.2 Margin for inntektsåret 2012	5
2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen.....	5
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen	5
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	5
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	6
3.1.3 Restanser eldre år.....	6
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år	6
3.2 Innfordringens effektivitet	7
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2012	7
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat	7
3.2.3 Omtale av spesielle forhold	7
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen.....	7
3.3 Særnamskompetanse	7
4. Arbeidsgiverkontroll	8
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen.....	8
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller	8
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen.....	8
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører.....	8
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak.....	9

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

1.1 Skatteoppkreverkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret	3,3	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	0,35	10,60%
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift	1,20	36,36%
Arbeidsgiverkontroll	1,20	36,36%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer	0,20	6,06%
Skatteutvalg	0,05	1,52%
Administrasjon	0,30	9,10%
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Kontoret har 3 faste årsverk. Frå 1 desember 2011 fekk vi tilsett regnskapskontrollør i heil stilling, slik at i dag er kontoret bemanna med, kemner, regnskapskontrollør og ein konsulentstilling. I tillegg disponerer vi ein person ein dag for veka (0,2 årsverk) til å ta seg av journalføring, arkivering og anna førefallande arbeid. Vi har felles sentralbord med kommunen ved servicetorget og det er da definert inn som 0,1 årsverk. Med så få tilsette må vi ved kontoret handtere alle oppgåver, men kemner har hovedvekt mot personlege skatteytarar og administrasjon medan konsulent har hovedvekt på føring av skatteregnskapen, godkjenning i bank, oppfølging og veiledning mot arbeidsgjevarar. Ved ferier overlapper vi kvarandre.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

Kompetansen ved kontoret er etter vårt syn god, og både kemner og konsulent har lang erfaring innanfor skatteregnskapet. Regnskapskontrolløren har brei og god erfaring frå sin forrige jobb, og har god kompetanse på området. Innfordringsmessig er også kompetansen god. Medarbeidarane har gjennom åras løp teke fleire kurs i innfordringsarbeid, arbeidsgjevarkontroll og no seinast mange kurs i Sofie.

1.2 Internkontroll

Ny rutinebeskrivelse er utarbeid etter overgangen til Sofie, og var ferdig 10.08.2009. Den er no komplementert med perm for internkontroll og handlingar som skal utførast i løpet av regnskaps/innfordringsåret. Rutinane vil i løpet av første halvår 2013 bli ajourførte

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

Innfordra skattar og avgifter er for 2012 kr 1 340 198 434, mot kr 1 219 036 514 i 2011. Ein auke på kr 121 161 920, tilsvarende 9,94%.

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommunen sin del av inngangen er kr 263 098 961 mot kr 240 181 950 i 2011. Ein auke på Kr 22 917 011, tilsvarende 9,54%.

1.4 Skatteutvalg

Det har ikkje vert søknader til skatteutvalet i 2012. Dvs vi har hatt førespurnader, men etter dialog med skatteyter har dei funnet ut at dei vil prøve å betale likevel. Gjennom fleksibelt utleggstrekk bl.a. Dette ikkje minst på grunn av at vi har fokusert veldig på at pensjonspoeng vert nedsett om dei skulle få ettergjeving.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Kemneren i Flora kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2012 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere § 3-1.

- Det er motteke eit pålegg vedrørende utleggstrekk frå regional kontrollenhet. Pålegget gjeld utleggstrekk som er iverksatt før forfall. Dette skuldast rutinesvikt i Sofie.

Årsregnskapet for 2012 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av kemneren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2011

Innestående margin for inntektsåret 2011, pr. 31.10.2012	kr 31 675
For lite avsatt margin for inntektsåret 2011	kr 13 750 166

Marginprosent

Prosentsats marginavsetning: 8%. Gyldig fra: 01.01.1992

2.2.2 Margin for inntektsåret 2012

Marginavsetning for inntektsåret 2012, pr. 31.12. 2012

kr 64 351 087

Gjeldende prosentsats marginavsetning: 8 % Gyldig fra: 01.01.1992

2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen

Marginoppgjøret viser at det er avsett forlite. Ideelt skulle marginen vert sett til mellom 9 og 10%, men det har ikkje medført vanskar med å betale ut tilgodesum. Det er ikkje vedteke nokon endring i prosentsatsen. Sentraladministrasjonen har diskutert en auke og vil truleg tilrå det til bystyret i forbindelse med budsjett 2014.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklingen

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Restanse 31.12.2011	Herav berostilt restanse 31.12.2011	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	15 621 382	626 980	17 756 513	699 201	-2 135 131	-72 221
Arbeidsgiveravgift	351 711	0	303 507	0	48 204	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	909 983	1 286	816 388	1 286	93 595	0
Forskuddsskatt	59 107	0	59 107	0	0	0
Forskuddsskatt person	2 265 009	0	3 083 364	0	-818 355	0
Forskuddstrekk	415 037	0	434 297	0	-19 260	0
Gebyr	6 160	0	6 160	0	0	0
Innfordringsinntekter	143 373	7 307	119 557	7 307	23 816	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	16 779	0	702 057	0	-685 278	0
Restskatt person	11 454 223	618 387	12 232 076	690 608	-777 853	-72 221
Sum restanse diverse krav	0	0	1 796	0	-1 796	0
Diverse krav	0	0	1 796	0	-1 796	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	15 621 382	626 980	17 758 309	699 201	-2 136 927	-72 221

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Totale forfalte debetkrav utgjorde ved årsskiftet kr 15 621 382 mot kr 17 758 309 året før. En glødelig nedgang.

Berostilte krav var kr 626 980 mot kr 699 201 året før. Berostilte krav er i stor grad på utenlandske skatteytarar.

Det er avskrevet totalt kr 483 519 fra 12 skatteyttere, som skriv seg fra avslutta konkursbu.

Ingen ettergivelse av skatt.

Kr 318 591 er nedsett skatt etter endring av pensjonspoeng.

Utlånte skatter personlege for 2011 utgjorde kr 850 011 067 mot kr 795 388 248 i 2010. Ein auke på kr 54 622 435, eller 6,87%. Antall skatteyttere i 2011 var 8653 mot 8821 i 2010. Ein liten nedgang på 168.

For upersonlege var utlånte skatt 2011 kr 100 885 528 mot kr 119 465 521 i 2010. Ein nedgang på kr 18 579 993, eller 15,55%. Antall skatteyttere i 2011 var 546 mot 568 i 2010.

Innbetalt forskotstrekk i 2012 var kr 815 768 224 mot kr 652 106 249 i 2011. Ein auke på heile kr 163 661 975, eller 25,1%. Restanse forskotstrekk utgjør kr 415 037 i 2012 mot kr 434 297 i 2011. Ein nedgang på kr 19 260, eller 4,4%.

Innbetalt arbeidsgjevaravgift i 2012 var kr 339 969 293 mot kr 268 530 618 i 2011. Ein auke på kr 71 438 675, eller 26,6%. Restanse arbeidsgjevaravgift utgjør kr 351 711 i 2012 mot kr 303 507 i 2011. Ein auke på kr 48 204, eller 15,88%

En stor del av dei større restansane skriv seg frå etter det vi definerer som vanskelegstilte skatteyttere og skatteyttere med skjønsløkingar. Utenlandske skatteytarar står skuldig med om lag 1.5 mill.kr kor skatteytarane hovudsakleg kjem frå Polen, Litauen og Romania. Også i restansmassen eldre år finn vi att desse og dei utgjør en betydeleg del av restansane. Om lag kr 5 mill. av restansmassen er konkurskrav enten på personlege og upersonlege skatteytarar.

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2010	1 725 304	1 288 955
2009	1 549 775	1 221 206
2008	1 054 446	797 916
2007 – 19XX	7 338 159	-----

3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2012: 4

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2012: Kr 55 311

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2012.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2012

Kontoret fekk fylgjande resultatkrav fra Skatt Vest. Restskatt 2010 innfordra krav: 61,0%, resultat 67,0%. Restskatt 2010 innbetalt, krav: 94,3%, resultat 95,1%. Forskuddsskatt person 2011, krav: 98,5%, resultat 99,4%. Forskuddstrekk 2011, krav: 99,9%, resultat 100%. Arbeidsgjevaravgift 2011, krav: 99,8%, resultat 100%. Forskuddsskatt upersonlege 2011, krav: 99,8%, resultat: 100%. Restskatt upersonlege 2010, krav: 99,5%, resultat: 98,5%. Resultata ligg godt over krava frå Skatt Vest. Eit krav vedrørande restskatt upersonlege 2010 viser innfordra 98,5%, medan kravet er 99,5%. Grunnen til at den ikkje er nærare 100% er at det er utgiftsført kr 613 775 etter avslutta konkurshandsaming. Reell restanse er her kr 7 091. Dette beløpet skriv seg og frå konkursbu som ikkje er ferdig. Slik at all utlikna skatt for upersonlege 2010 i verklegheita er betalt, altså 100%. Vår konklusjon er at vi er svært godt fornøgd med innfordringa vår og har hatt rett fokus.

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Vi har i 2012 vert enda tettere på i innfordringsarbeidet med både krav om utlegg og utleggstrekk. Men også med telefoninkasso både på personlege og upersonlege sjølv om dei ikkje har komt på arbeidslista. Vi har hatt god erfaring med telefoninkasso. Vi har hatt ekstra fokus på eldre restanser noko også resultata viser. Total restanse har minka med om lag 2.1 mill. kr.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

I år som i fjor har vi hatt store problem med utenlandske arbeidstakarar. I kommunen er det mange firmaer som nyttar utenlandsk arbeidskraft. Som nemnt i forrige årsrapport så er dei her gjerne i kortare periodar, får utskrevet skattekort basert på eit heilt år og kjem dermed ut med restskatt. Eit anna problem er utbetaling av feriepengar som skjer året etter at gjerne arbeidsforholdet er avslutta. Her vert ikkje trekt skatt, men er jo skattepliktig inntekt. Skatteyder får ikkje klassefrådrag og kjem då ut med restskatt. Desse skatteytarane er svært vanskeleg å få kontakt med og fylgjeleg vanskeleg å få innbetalt restskattane dei får, då dei som oftast også er under minstegrensa for innfordring i utlandet. Det er spesielt skatteytarar frå dei Baltiske landa. Då innfordringsavtala med bl.a. Polen ikkje fungerer slik den skal, slit vi ekstra med å få innbetalt/innfordra restansane på skatteytarar herifrå.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Det er å vere endå meir aktive og pågåande med innfordringstiltak som utlegg, utleggstrekk, telefoninkasso, tvangssalg. I det heile å bruke dei virkemidler vi har tilgang til.

3.3 Særnamskompetanse

Vi nyttar særnamskompetansen og har hatt den i mange år. I 2012 har vi hatt auka fokus på sikring av krava til rett tid, og det har resultert i kjappare oppgjer av skatterestanser. Bruk av særnamskompetansen er et godt virkemiddel i innfordringsarbeidet.

4. Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Kontoret fekk tilsatt ny regnskapskontrollør 1. desember 2011. Vi deltar ikkje i noko interkommunal samarbeidsordning, men er positive til å bidra andre om vi har kapasitet til det.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2012: 25

Som utgjør: 5 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller 2012: 24

Som utgjør: 4,9% av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2011: 0

4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen

Fullført 24 av 25 planlagte kontroller

Avdekket endring inntekt kr 2 231 691,-

Avdekket endring grunnlag arbeidsgiveravgift kr 2 065 853,-

Avdekket manglende mva pliktig omsetning kr 1 185 849,-

Avdekket uoppgitt husleigeinntekter, personlig skattyter, kr 972 000,-

Regnskapsmerknader og pålegg:

Likningsloven 2 saker

Bokføringsloven 5 saker

Egenretting terminoppgaver, 2 saker

Avdekking uregistrerte arbeidstakere: 4 saker, 9 arbeidstakere

Konkursbo, omstøtelige disposisjoner, 2 saker, totalt kr 40 000,-.

Avdekket uoppgitt husleigeinntekter, personlig skattyter, kr 972 000,-

4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen

Arbeidsgiverkontrollen i Flora fikk nyttilsett kontrollør i full stilling fra 1.12.201.

2012 blei brukt til å få etablert kontrollplan og kontrollarbeidet.

Av 25 planlagte kontroller blei 24 fullført.

Får kemnerkontoret kontroll kapasitet er vi positiv til samarbeid og bistand med SKO i nabokommuner.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Kemnerkontoret har i samarbeid med Skatt vest gjennomført 6 RA kontroller.

Kemnerkontoret har i bistått SKO Vågsøy med en varsla og to uvarsla kontroller. Politiet deltok på de to uvarsla kontrollene i fellesaksjon.

Kemnerkontoret deltok i Samarbeidsmøte Skatt Vest AK gruppa og SKO i Bergen 5. desember 2012.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Alle nye arbeidsgjevarar får tilsendt informasjon, i 2012 gjeld dette 32 nye arbeidsgjevarar. Elles vert regnskaps-/revisjonskontor informert og oppdatert om nye informasjon.

Sted/dato: Florø, 18. januar 2013

Kemners signatur





Vedlegg: Årsregnskapet for 2012.

Årsregnskap Flora kommune, kemnerkontoret for regnskapsåret 2012
Avlagt etter kontantprinsippet

		Valgt år	Forrige år
	Likvider	67 384 387	65 799 538
	Skyldig skattekreditorene	-2 974 216	-5 458 880
	Skyldig andre	-59 078	-84 333
	Innestående margin	-64 351 087	-60 256 320
	Udisponert resultat	-5	-5
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-339 941 718	-268 209 727
	Kildeskatt	-5 442	0
	Personlige skatteyttere	-898 561 176	-832 616 401
	Selskapsskatt	-101 720 248	-118 118 961
	Renter	188 064	-179 842
	Innfordring	-157 914	88 417
Sum		-1 340 198 434	-1 219 036 514
	Fordelt til Folketrygden - arbeids	339 941 717	268 209 728
	Fordelt til Folketrygden - medlem	240 604 874	229 125 279
	Fordelt til Fylkeskommunen	56 150 047	52 832 787
	Fordelt til kommunen	263 098 961	240 181 950
	Fordelt til Staten	441 510 124	428 686 771
	Krav som er ufordelt	0	-1
	Videresending plassering mellom	-1 107 289	0
Sum		1 340 198 434	1 219 036 514
Sum totalt		0	0

lorø 18. Januar 2013

Underskrift:


-kemner- 



Skatt vest

SM 14-13

Saksbehandlar
Stian Aardal

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2012

Telefon
800 80 000

Dykkar referanse

Vår referanse
2012/158782

Kommunestyret i Flora kommune
Markegata 51
6900 Florø

Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Flora kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søkjer gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Skatt vest
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Sjå www.skatteetaten.no
skattvest@skatteetaten.no

Sentralbord
800 80 000



2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Flora kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 1 341 305 802 og uteståande restansar² på kr 15 621 382, av dette krav stilla på vent kr 626 980. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin kemner 18. januar 2013.

2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Flora kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (%)	Resultatkrav (%)	Innbetalt av sum krav (%) førre år	Innbetalt av sum krav (%) region
Restskatt personlege skattytarar 2010	25,18	95,13	94,30	94,30	94,45
Arbeidsgjevaravgift 2011	274,02	99,99	99,80	99,98	99,85
Forskotskatt personlege skatteytarar 2011	50,10	99,41	98,50	98,72	99,22
Forskotskrekk 2011	665,90	100,00	99,90	99,99	99,95
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011	82,09	100,00	99,80	99,96	99,89
Restskatt upersonlege skattytarar 2010	40,79	98,50	99,50	99,31	98,41

2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Resultatet for skatteoppkrevjarkontoret per 31. desember 2012 viser følgjande³ :

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav (5%)	Tal utførte kontrollar 2012	Utført kontroll 2012 (%)	Utført kontroll 2011 (%)	Utført kontroll 2010 (%)	Utført kontroll 2012 i region (%)
492	25	24	4,9 %	0,0 %	0,0 %	4,3 %

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

³ Frå 2011 er rapporteringsordninga endret frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning/kontrollsamarbeid, der det er aktuelt.



2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering:

Tal årsverk 2012	Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010
3,3	2,38	2,3

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll. Siste stadlege kontroll vart halden 2. oktober 2012.

Skattekontoret har i 2012 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for området skatterekneskap.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

4. Resultat av utført kontroll

- Intern kontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- Arbeidsgjevarkontroll**


På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og retningsliner, og i omfang er utført tilnærma i samsvar med målkravet då det er utført 4,9 % kontrollar mot eit krav på 5 %.

5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2012 gjeve pålegg og tilrådingar som skatteoppkrevjaren er gjort kjend med i brev av 17. okt og 18. okt 2012.

Venleg helsing


for Arnljot von Mehren
avdelingsdirektor
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektor

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Flora kommune
- Kemneren for Flora kommune
- Riksrevisjonen



Saksgang
Prosjektkomiteen
Kontrollutvalet
Formannskapet
Bystyret
Bystyret

Møtedato
07.11.2012
30.11.2012
15.01.2013
05.02.2013

Saksnr
019/12
082/12
002/13
008/13

Sakshandsamar:
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K2-Q10
Objekt:

Arkivsaknr
10/1628

SLUTTRAPPORT - BOTNASTRANDA - NY TILKOMSTVEG. PROSJEKT 78629

Kva saka gjeld:

Ny tilkomstveg til Botnastranda industriområde.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 18 942,12 vert avsett til unytta lånekapital.

07.11.2012 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PRKO-019/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 18 942,12 vert avsett til unytta lånekapital.

15.01.2013 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-002/13 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 18 942,12 vert avsett til unytta lånekapital.

05.02.2013 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-008/13 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 18 942,12 vert avsett til unytta lånekapital.

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

Innleiing:

Bystyret vedtok i møte den 14.12.2010, sak 128/10, å bygge ny veg med avkøyrsløp frå RV 5 til Botnastranda industriområde.

Vurdering:

På industriområdet vart det bygd ei større offentleg kai. Det er regulert offentleg veg fram til kaia. Vegen har ei lengde på om lag 350 meter.

Arbeidet medførte sprenging og fylling av vegbana, muring av natursteinmur langs vegbana i nord, sikring med autovern, bygging av avkøyrsløp med trafikkøyr, legging av overvassleidning for oppsamling av overflatevatn frå omland på sørsida, legging av rør for eventuell framtidig vegbelysning og asfaltering.

Anbod:

- Anbudet "Tilkomstveg Botnastranda industriområde" vart lyst ut i Doffin den 26.11.2010 som open anbudskonkurranse.
- Påmeldingsfristen var 10.12.2010.
- Anbudssynfaring vart utført den 13.12.2010 kl.10.00.
- Referat frå synfaringa vart sendt ut den 13.12.2010.
- Frist for levering av anbud var sett til den 14.01.2011 kl.12.00.
- Anbudssopning vart føreteke den 14.01.2011 kl.14.00.
- Det kom inn 5 anbud.

Alle anbud vart kontrollerte med omsyn til utfylling og med den dokumentasjon som vart kravd.

Det ligg føre evaluering av tilbod med innstilling frå iVest Consult AS datert 18.1.2011. Trygve Ullaland AS vart tilrådd som vinnar av konkurransen "Tilkomstveg Botnastranda industriområde". Prosjektkomiteen gjorde i møte den 02.02.2011, sak 006/11 vedtak om å tildele entreprisa til Trygve Ullaland AS.

Kontrakt vart signert med Trygve Ullaland AS 16.02.2011.

Sluttattest for utført entreprisa vart signert 17.01.2012 av Reidulf Refsnes på vegne av Flora Kommune

Økonomiske konsekvensar:

I sak 128/10, pkt. 20 den 14.12.2010 gjorde Bystyret følgjande vedtak; "Arbeid med offentleg veg i utløyning av industri og næringsareal på Botnastranda vert starta opp og det vert sett av kr.13 000 000,- i investeringsbudsjettet til dette".

Dei endelege kostnadane på prosjekt 78629 Veg til Botnastranda industriområde hadde ein totalkostnad på kr.12 981 057,88 og hadde såleis ei netto innsparing på kr.18 942,12.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	07.11.2012	018/12
Kontrollutvalet	30.11.2012	081/12
Formannskapet	15.01.2013	003/13
Bystyret	05.02.2013	007/13
Bystyret		

Sakshandsamar:
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K1-216, K2-Q80 **Arkivsaknr**
12/1736

SLUTTRAPPORT PROSJEKT 78624 TRAFIKKSIKRING 2010

Kva saka gjeld:
Trafikksikring 2010.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 99 836,60 vert overført til prosjekt 78679 Trafikksikring 2012

07.11.2012 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PRKO-018/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 99 836,60 vert overført til prosjekt 78679 Trafikksikring 2012

15.01.2013 FORMANNSKAPET

Røysting:
Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-003/13 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 99 836,60 vert overført til prosjekt 78679 Trafikksikring 2012

05.02.2013 BYSTYRET

Bergheim,AP fekk permisjon kl.18.55 frå og med denne saka.
(32 repr. tilstades)

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-007/13 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 99 836,60 vert overført til prosjekt 78679 Trafikksikring 2012

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

Innleiing:

Det vart i Budsjett og handlingsplan 2010 – revidert budsjett 2009 løyvd kr.500 000,- til prosjekt 78624 "Trafikksikring 2010", i samsvar med "Trafikksikringsplan". I tillegg vart det overført mindreforbruk frå andre prosjekt på til saman kr.73 367,71 slik at Flora Kommune hadde ein disponibel eigenkapital til prosjekt 78624 "Trafikksikring 2010" på kr. 573 367,71.

Løyvingar frå staten:

Flora kommune søkte Statens vegvesen om Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar til bygging av fartshumpar og etablering av fortau i Stadionvegen kostnadsrekna til kr.530 000,-

Det vart i brev datert 02.02.2010 frå Statens vegvesen gitt tilskot til aksjon skuleveg 2010. Flora kommune vart tildelt kr.320 000,- fordelt slik:

- Kr.60 000,- til bygging av fartshumpar i 30/km-soner
- kr.260 000,- til etablering av fortau i Stadionvegen.

I Utbyggingsutvalet, sak 028/10 den 27.05.2010 vart det vedteke å supplere fartsregulerande tiltak innanfor ei kostnadsramme på kr.100 000,- til bygging av fartshumpar i Keilevegen.

Prosjekta er utført.

I tillegg til desse løyvingane vart det i 2010 overført kr.170 000,- frå Statens vegvesen til prosjekt 78624 Trafikksikring. Dette gjaldt oppføring av 2 stk. busskur på FV.548.

Busskura er ferdigstilt og innrapportert til Statens vegvesen.

I tillegg vart eit leskur satt opp i Nybø vegen. Dette hadde ein berekna kostnad på kr. 90 000. Frå tidlegare prosjekt vart det overført frå Statens vegvesen Kr.54 000,- til prosjekt 78624 "Trafikktrygging 2010".

Leskuret er ferdigstilt og innrapportert til Statens vegvesen.**Økonomiske konsekvensar:**

Prosjektet hadde ei vedtatt ramme på kr.573 367,71, og eit totalforbruk på kr.473 531,11. Prosjektet hadde eit mindreforbruk på kr.99 836,60.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**Prenta/uprenta vedlegg:****Utskrift til:**

- KryssRevisjonen
- Kontrollutvalet



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	07.11.2012	021/12
Kontrollutvalet	30.11.2012	083/12
Formannskapet	15.01.2013	004/13
Bystyret	05.02.2013	006/13
Bystyret		

Sakshandsamar:
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K2-D11, K3-&41 Arkivsaknr
10/1056

SLUTTRAPPORT - GROVASTØYLEN SKYTEBANEFELT - PROSJEKT NR 78592

Kva saka gjeld:

Kommunal finansiering av infrastruktur, skytebaneanlegget på Grovastøylen.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 285 852,25 vert overført til unytta lånemidlar.

07.11.2012 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PRKO-021/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 285 852,25 vert overført til unytta lånemidlar.

15.01.2013 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-004/13 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 285 852,25 vert overført til unytta lånemidlar.

05.02.2013 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-006/13 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Mindreforbruk på kr. 285 852,25 vert overført til unytta lånemidlar.

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

Innleiing:

Prosjekt 78592 Grovastøylen skytebanefelt omfatta grunnleggjande infrastruktur av vegar, parkeringsplassar, kablar og VA-anlegg.

Prosjektering:

iVest Consult as vart engasjert som rådgivar for prosjekt 78592 Skytebane Teknisk anlegg. Avtaledokument mellom Flora Kommune og iVest Consult as vart signert 12.05.2010.

Oppdraget til iVest Consult as var:

- Prosjektering av anlegg, vatn, avløp, elektro, signalanlegget og IKT.
- Utarbeiding av konkurransegrunnlag for innhenting av pristilbod frå hovedentreprenør.
- Evaluering og innstilling av tilbodet.
- Opsjonspris for oppfølging, byggeledelse.

Anlegget:

Utlysing av anlegget:

- Anlegget vart utlyst i Doffin den 04.06.2010, med påmeldingsfrist 24.06.2010.
- Entrepriseggrunnlaget vart sendt ut den 25.06.2010 til 7 entreprenørar som hadde meldt seg på konkurransen.
- Anbudssynfaring vart utført 10.06.2010, og referat sendt ut den 09.07.2010.
- Tilbodsinnlevering vart sett til 11.08.2010.
- Det kom inn 3 tilbod.

Anbudsopning vart gjort den 11.08.2010 kl.14.00.

Anboda som kom inn var frå:

- Magne Hafstad AS
- Rune Sandvik AS
- Trygve Ullaland AS

Kostnadskalkylen var basert på lågaste anbod.

Anbodet vart tildelt Trygve Ullaland AS i Bystyre sak 089/10 den 09.11.2010 og oppstart-dato vart sett til 02.02.2011.

Protokoll for overtaking vart signert av Reidulf Refsnes for byggherre, Flora Kommune og Thor Arne Ullaland for entreprenør, Trygve Ullaland AS. Sluttattest for anlegget vart signert av Reidulf Refsnes 17.01.2012.

Økonomiske konsekvensar:

Det vart i Bystyret sak 124/09 den 10.11.2009 vedteke at Flora Kommune låner kr.6 823 000,- til å gjennomføre utbygging av infrastruktur og delar av banene i skytebaneanlegget på Grovastøylen. I Bystyret sak 089/10 den 09.11.2010 vart det vedteke at Flora Kommune låner kr.3 800 000,- til oppfinansiering for å gjennomføre investeringane.

Prosjektet vart gjennomført med eit mindreforbruk på kr.285 852,25.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Prosjektkomiteen	07.11.2012	020/12
Kontrollutvalet	30.11.2012	084/12
Formannskapet	15.01.2013	005/13
Bystyret	05.02.2013	005/13
Bystyret		

Sakshandsamar:
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K2-M30
Objekt:

Arkivsaknr
12/1571

SLUTTRAPPORT - PROSJEKT 79507 - REHAB AVL-LEIDNINGAR

Kva saka gjeld:

Rehabilitering av AVL-leidningar

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruk på kr. 90 872,43 vert finansiert via prosjekt 79546 Hovudplan Avløp.

07.11.2012 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

PRKO-020/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.
2. Meirforbruk på kr. 90 872,43 vert finansiert via prosjekt 79546 Hovudplan Avløp.

15.01.2013 FORMANNSKAPET

Framlegg:

Framlegg frå Rådmannen:

Pkt.2 i tilrådinga går ut, då dette er finansiert i bystyresak 108/12 Rebudsjettering unytta lånemidlar (12.06.12)

Røysting:

Tilrådinga pkt.1 vart samrøystes vedteke.

FORM-005/13 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

05.02.2013 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-005/13 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

Innleiing:

Under prosjekt 79507 Rehab AVL-leidningar er følgjande tiltak utført:

- Rehabilitering i Evjegata.
- Rehabilitering hovudkloakk ved Statoil.
- Estruder for sveising av plastleidningar.
- Kartlegging av private leidningar i Brandsøy
- Prosjektering avløpsanlegg Strandavegen / Fugleskjærkaia.
- Rehabilitering kommunal avløpsleidning ved Origod på Digreneset.
- Kommunal avløpsleidning Brandsøy. Utlekking av stikk.
- Pumpeleidning Fugleskjærkaia – Silanlegg Stranda.
- Avløpspumpestasjon, 1 stk. på Fimlandsmarka og 3 stk. på Nesjane. (Kostnadar ved tilknytning til driftskontrollanlegg.)
- Ny spillvassleidning og overvassleidning i Nordnesvegen.
- Rehabilitering av avløpsleidning ved Åsgården.
- Planlegging og etablering av måling driftsoverløp i Florø sentrum.

Økonomiske konsekvensar:

Prosjektet hadde eit budsjett på kr.2 200 502,-. Den totale kostnaden på prosjektet vart kr.2 291 374,84. Prosjektet hadde såleis eit meirforbruk på kr.90 872,43.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	04.09.2012	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Prosjekt 79507 - Rehab AVL-leidningar	
2	I	05.10.2012	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Førebels revisjonsuttale - sluttrapport/ -rekneskap for prosjekt 79507 - Rehab AVL-ledningar	
4	I	20.11.2012	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsuttale - Sluttrekneskap og sluttrapport Prosjekt nr 79507 - Rehab AVL - Leidningar	
5	I	30.11.2012	SEKOM-sekretariat	Prosjektrekneskap Rehab avl - leidningar	

Utskrift til:

- KryssRevisjonen
- Kontrollutvalet

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 18. februar 2013 15:53
Til: 'Flora kommune (postmottak@flora.kommune.no)'
Emne: Tilsvar brev Fylkesmannen av 21.12.2012 om klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot for Furuhaugane barnehage

I kontrollutvalsmøte 24.01.2013 låg brev frå Furuhaugane barnehage til Flora kommune om manglande vedtak frå Flora kommune om kommunalt tilskot jmf lov om barnehage § 14, datert 21.12.2012 og 31.10.2012, samt brev frå Fylkesmannen til Flora kommune om klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot for Furuhaugane barnehage, datert 09.01.2013 føre som SM 08-13 i sak 02/13 Skriv og meldingar.

Kontrollutvalet i Flora gjorde følgjande vedtak om dette: *Kontrollutvalet ber om Flora kommune sitt tilsvar på brev frå Fylkesmannen av 09.01.2013 om klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot for Furuhaugane barnehage.*

Etter dette ber vi om å få tilsendt svaret Flora kommune gav Fylkesmannen på nemnte brev av 09.01.2013.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Twitter: @sgrtv

Arkivsak

Her ser du informasjon om ei sak, altså eit spørsmål som er til handsaming. Det kan vere fleire dokument knytta til ei sak, og du får meir informasjon om eit einskild dokument om du klikkar på "Detaljar"-lenkja under. Nedst på sida finn du informasjon om handsaminga av saka; kva møte saka har vore oppe til handsaming i, og kva møte saka er meldt opp til i framtida.

ArkivsakID:12/498

Dato:05.03.2012

Tittel:Kommunalt tilskot til private barnehagar i 2012

Sakshandsamar:

Status:Saka vert handsama

Dokument

Dok. Type	Frå/Til	Tittel	Dato	Vis	Last ned
Frå	A/L Furuhaugane barnehage	Klage på manglande vedtak frå Flora kommune om kommunalt tilskot jmf lov om barnehage § 14	04.01.2013	Detaljar	
Frå	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Om klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot for Furuhaugane barnehage	15.01.2013	Detaljar	
Frå	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Private barnehagers Landsforbund - omgjøre vedtak om tilskudd til ikkekommunale barnehager	17.01.2013	Detaljar	
Frå	Sørstrand Fus Barnehage	Klage på manglande vedtak for 2011 og 2012	25.01.2013	Detaljar	
Frå	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Om klage på manglande vedtak om kommunalt tilskot for Sørstrand Maritime Fus barnehage	12.02.2013	Detaljar	
Frå	Furuhaugane barnehage v/Kristin Hessvik - dagleg leiar	Klage på Flora kommune som barnehagemyndigheit - manglande vedtak om kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage jmf. lov om barnehage § 14.	13.02.2013	Detaljar	

Tveit Asgeir

Fra: InnsynBestilling <asgeir.tveit@sekom.no>
Sendt: 20. februar 2013 11:54
Til: postmottak@flora.kommune.no
Kopi: Tveit Asgeir
Emne: Bestilling av dokument 12/498-34 fra Sekom sekretariat

Arkivsak/doknr: 12/498-34
JournalpostID: 2013001965
Sakstittel: Kommunalt tilskot til private barnehagar i 2012
Doktittel: Klage på Flora kommune som barnehagemyndigheit - manglande vedtak om kommunalt tilskot til Furuhaugane barnehage jmf. lov om barnehage § 14.
Doktittel2: Stila til fylkesmannen
Dokumentansvarlig:
Brevdato: 12.02.2013
Forsending: Epost
Navn: Sekom sekretariat
Adresse: Postboks 338
6802 Førde
Epost: asgeir.tveit@sekom.no
Telefon: 97615363

009/13 OVERORDNA ANALYSE– FØRDE KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 20.02.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.03.2013	009/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Dokumentet «Overordna analyse for Flora kommune» med vedlegg, datert 21.02.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 078/11 «Overordna analyse».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Flora kommune, datert 21. februar 2013 og presentasjon av Overordna analyse av Kryss revisjon.
- Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2013-2016.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

OVERORDNA ANALYSE– FLORA KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon skal det utarbeidast overordnaanalyse. Overordnaanalyse vert lagt fram.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenestedområda.


Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalssak 078/11 "Overordna analyse", vedtok kontrollutvalet at det vart tinga overordna analyse frå Kryss revisjon.

Kryss revisjon har no utarbeidd overordna analyse. Denne er datert 21.02.2013. Kryss revisjon presenterer overordna analyse i møtet.

SEKOM-sekretariat har ein mal for plan for forvaltningsrevisjon. Malen vil bli nytta som SEKOM-sekretariat sitt forslag til "Plan for forvaltningsrevisjon". Sak om Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016, vil bli lagt fram i etterkant av overordna analyse. Kontrollutvalet si oppgåve vil vere å velje 3 – 5 prosjekt i dokumentet «Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt, 2013 – 2016 Flora kommune», i denne omgang gjerne på eit overordna nivå, som skal leggjast inn i prioritert rekkjefølgje i planen.



OVERORDNA ANALYSE

GRUNNLAGSMATERIALE FOR

PLAN FOR GJENNOMFØRING AV

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

2013



- 1401 FLORA KOMMUNE -

Innhald

1	Bakgrunn	Side 3
2	Føremål	Side 4
3	Korleis er rulleringa av overordna analyse utført	Side 5
3.1.	Modell	Side 5
	Kommunen sin verdikjede	Side 7
	Politisk organisering i Flora kommune i 2013	Side 8
	Administrativ organisering i Flora kommune i 2013	Side 9
3.2.	Risiko	Side 10
3.3.	Identifisering av risikoområda i kommunen	Side 10
3.4.	Rammeverk for god kommunal forvaltning	Side 11
4	Risikoområder i Flora kommune	Side 13
4.1.	Produktivitet	Side 13
4.2.	Oppfølging av vedtak	Side 18
4.3.	Økonomistyring	Side 19
4.4.	Måloppnåing	Side 21
5	Framlegg til mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvalt.revisjon .	Side 23
5.1	Kort om planen	Side 23
5.1.1	Selskapskontroll	Side 23
5.1.2	Sluttord	Side 24
5.2a	Oversikt over mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forv.revisj.	Side 25 - 32
5.2b	Oversikt over selskap, Flora kommune er eigar, medeigar eller deltakar i	Side 33

VEDLEGG:

Administrativt organisasjonskart Flora kommune – pr. jan. 2013
Politisk organisasjonsstruktur Flora kommune (hovudutvalsmodellen), pr. jan. 2013
Hovudoversikt drift og investering pr. 31.12.2012
Inntekter og utgifter i 2012 m/kakediagram
Teknisk risikovurdering Flora kommune, revisjonsabstrakter 2012 m/kakediagram
Brev av 07.02.12 frå kommunerevisjonen til rådmannen i Flora
Revisjonsberetning for 2011, d. 20.04.12
Revisor sitt brev av 04.01.12 vedr. rådmannen sine vurderingar kring risiko for misleghald i kommunen
Rådmannen sitt svarbrev av 11.02.2013, vedr. rådmannen sitt tilsyn i høve risiko for misleghald m/vedl
Revisor sitt brev av 10.01.13 vedr. rutiner og krav til avlegging av årsrekneskapen for 2012
Fylkesmannen sine godkjenningsskriv kring vedteke/gjeldande årsbudsjett for 2012

Ikkje vedlagte dokument:

Interne styringsdokument (økonomireglement, finansreglement, delegasjonsreglement, intern prosjektstyringshandbok, m.fl.)
Årsrapport for Flora kommune for 2011
Årsrekneskap for Flora kommune for 2011
Årsrekneskapen for 2012, d. 15.02.13 (Årsrapport for 2012 ikkje ferdig, forskrifta sin frist 31.03.13)
Årsbudsjett og Økonomi- og handlingsplanar for Flora kommune
Kommunedelplanar
Fylkesmannen sine tilsynsrapportar kring særlovgevinga (ref. www.fylkesmannen.no \ 'Flora')
KOSTRA-nøkkeltal for Flora kommune 2011 og pr. okt. 2012 (ref. www.ssb.no \ 'Flora')

Rådmannen i Flora kommune, Terje Heggheim, styrer kommunen ut av ROBEK i 2013.



1 Bakgrunn

Hausten 2008 utarbeidde KRYSS Revisjon ein overordna analyse for Flora kommune sitt kontrollutval. Denne vart seinare handsama av både kommunen sitt kontrollutvalet og av Bystyret i Flora. Dokumentet vart nytta som grunnlag for utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt og selskaps-/eigarskapskontroll. Dagens forskrifter stiller krav om rullering av analysedokumentet og at det skal vedtakast ein ny plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon for inneverande kommunevalperiode.

Kontrollutvalet i Flora har gjennom vedtak og bestilling teke opp spørsmålet om å få utarbeidd ein overordna analysen for Flora kommune, der kommunerevisjonen er beden om å gjennomføre dette arbeidet. I forskrifter for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004, er det lagt opp til at kontrollutvalet minst ein gong i løpet av valperioden skal utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen bør rullerast, og grunnen til dette er at kommunane stadig er under omstilling/endring, og står overfor stadig større utfordringar, der nye oppgåver og ansvar blir tillagt kommuneforvaltninga. Risikoområda vil såleis kunne vere under kontinuerleg endring.

Forskriftene stiller krav om at *planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt* skal byggje på ei *overordna analyse* av kommunen si verksemd ut frå vurderingar av risiko- og vesentlegheit. Oppgåva er forholdsvis ny og ansvaret for både den overordna analysa og utarbeiding av ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskaps-/selskapskontroll er lagt til kommunen sine øverste tilsynsorgan; dvs. Flora Bystyre og kommunen sitt kontrollutval.

Tilsynsforskrifter for kommunane sine kontrollutval og revisjon, er tiltak frå lovgjeverane for å forsterke forvaltningsrevisjonen med tanke på auka kvalitet, omfang og effektivitet i den kommunale tenesteproduksjon, og den kommunale forvaltninga generelt. Som ein del av dette er ansvaret for forvaltningsrevisjon lagt til kontrollutvalet som må bestille dei konkrete forvaltningsrevisjonstenestene, følgje opp gjennomføringa av prosjekta, og rapportere tilbake til kommunestyret.

Ein har i dette arbeidet bygt vidare på det analysedokumentet som låg føre hausten 2008, der revisjonen sin kunnskap om, og innsikt i, kommunane og kommuneforvaltninga er samordna kommune for kommune, samstundes som ein også har søkt å innhente ytterlegare informasjon og kunnskap/dokumentasjon frå kommunen sin administrasjon. Ein har i dette arbeidet vore i drøftingsmøte/samtaler med kommuneleinga og rådmannen i Flora om saka. Ein har i dette arbeidet også nytta seg av informasjon via KOMmunal og STATleg RAPportering (=KOSTRA-informasjon, økonomi- og tenestedata som kommunen sjølv har rapportert inn i den nasjonale databasen), og også fletta inn grunnlagsmateriale og revisjonsfaglege vurderingar som kommunen sine revisorar nyttar i sine prioriteringar og vurderingar i høve utarbeiding av ein årleg revisjonsplan for kommunen. Med bakgrunn i dette materialet gjorde revisjonen eit forholdsvis omfattande arbeid ved første gongs framskaffing av informasjon til, og for å utarbeide, ei overordna analyse av Flora kommune, og konkluderte på dette. Det er eit omfattande materiale som er gjennomgått på nytt, saman med ny informasjon, og som er oppdatert og søkt innhenta frå rådmannen, og samanfatta i dette dokument. Bakerst, som vedlegg, ligg det føre nokre framlegg til moglege innspel og idèar som eventuelt kan nyttast til konkrete prosjekt i ein årsplan for forvaltningsrevisjon. Rådmannen vart tilskriva om arbeidet i brev av 07.02.12. Det er halde møte med rådmannen kring saka den 30.01.13, og i etterkant av møtet harein fåtttilsendt nødvendig informasjon for å kome vidare med arbeidet. Det ligg føre e-postkorrespondanse mellom revisor og rådmann på dette. Av omsyn til det vidare arbeidet for kontrollutvalet og bystyret, har vi søkt å forsere arbeidet, men har under vegg vore avhengig av informasjon frå administrasjonen, som det har teke tid å få fram. Ei overordna analyse skal etter forskriftskravet vere ferdigstillt innan utgangen av året etter kommunevalet. (dvs. 31.12.2012).

Som uavhengige har vi søkt å gje føringar for prioriterte oppgåver og utfordringar i komande år. Det ligg utfordringar i dette arbeidet for både kontrollutvalet og kommunestyret; - det å velge ut forvaltningsrevisjonsprosjekt som har effektar på forvaltningsapparatet i form av kvalitetsheving og læring. Kontrollutvalet og bystyret i Flora kommune står heilt fritt i sine vurderingar/prioriteringar, og kan velge ut det ein måtte ønskje å sjå nærmare på. Det er imidlertid eit krav i gjeldande forskrifter at det skal gjennomførast minst eitt forvaltningsrevisjonsprosjekt i kvar kommune kvart år. I forhold til intensjonen i dei samarbeida som er etablert i høve økonomiske motiv og føresetnader, bør ein vurdere samordning kommunar imellom med tanke på *gjenbruk* og *fleirbruk* (synergieffektar i arbeidet, osv.); - dette ikkje minst med tanke på kost-/ nytte-effektar og ressursbruk i høve tilsyns- og kontrollfunksjonane.

2 Føremål

Hensikta med forvaltningsrevisjon er m.a. å bidra til ei betre og meir effektiv kommunal forvaltning. Når det blir utført forvaltningsrevisjon, vert det sett fokus på økonomi og måloppnåing i ein vid forstand. Med henvisning til kommunelova § 77, nr. 4, kan *forvaltningsrevisjon* definerast som "*systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetningar*".

Forvaltningsrevisjon fekk sin heimel ved endringar i kommunelova allereide den 23.09.1992, (Ny kommunelov, med verknad frå 01.01.93), og sidan den tid har ein stadig større del av revisjonen sine ressurser blitt nytta til denne type revisjonsarbeid. Ved endringar av kommunelova frå 01.07.2004, blei dette ytterlegare forsterka, med eit nytt *kapittel 12*, om *tilsyn og kontroll*, der det også er utarbeidd nye forskrifter for revisjon av kommunar og om kontrollutvalet sine oppgåver og ansvar for tilsyn og kontroll i eigen kommune. Det øverste tilsynsansvar i kommunen er sterkt påpeika i lovendringane, og dette påkviler heilt og fullt "*kommunestyret sjølv*"; - dvs. i Flora kommune: Flora Bystyre (§ 76), som har kontrollutvalet (§ 77) og revisor (§§ 78 og 79) som sine verktøy for å utføre den nødvendige kontroll og

det nødvendige tilsyn med både eigenforvaltninga, og selskapskontroll (§ 80) i dei verksemdar der kommunen har særleg interesser eller er deltakar eller har (med-)eigarskap i.

Behovet for forvaltningsrevisjon er stort, men varierer også stort frå kommune til kommune. Mykje avhenger her også av kva *appetitt kommunen sitt kontrollutval* har til dette og kva ressursar som blir avsette til slikt arbeid gjennom årsbudsjettet. Ein kommune står overfor betydelege utfordringar. Sentrale myndigheiter, og også innbyggjarane, stiller stadig større krav til kvalitet. Myndigheitene stiller også større krav til økonomisk effektivitet og at kommunane vert drifta kostnadseffektivt. I tillegg har ein marknaden som bidreg til auka konkurransen om kompetansen i den offentlege forvaltninga. Det er også eit faktum at det i det offentlege har vore, og framleis er, eit manglande samsvar mellom mål og ressursar.

Dette betyr at kommunen må fokusere meir på styring. Dei politiske styringsorgan og forvaltninga elles (administrasjonen i kommunen) må styre etter fleire variablar (ikkje berre økonomiske data). Dei må ha tettare rapporteringar, kvalitet i rapporteringane, ei tettare oppfølging med tiltak, og ei stramare evaluering av måloppnåinga og ikkje minst ha ein reidskap for å handtere avvik. Det blir såleis stillt større krav til kommunalt leiarskap og kommunalt (offentleg) eigarskap.

Ved utøving av forvaltningsrevisjon bidreg tilsynsorgana – Flora Bystyre sjølv, kontrollutvalet og revisjonen – til

- å synleggjere forbettringsområder som kan bidra til auka produktivitet og måloppnåing i forhold til politiske vedtak, intensjonar og føresetnader
- å bidra med informasjon til kommunen sine beslutningstakarar, som kan vere til nytte for

- I. *kontrollutvalet sitt tilsyn med forvaltninga*
- II. *leiinga si vurdering av moglegheiter for meir sparsom/økonomisk drift, auka produktivitet, større effektivitet og betre måloppnåing*

Identifisering og utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt er viktig slik at ressursane vert sett inn på rett område, og kommunen får prosjekt med høg nytteverdi, dvs. at forvaltningsrevisjonen gjev effektar i form av organisasjonsmessig læring og utvikling i kommunen.

Tilbakemeldingar frå kontrollutval og administrasjonen i kommunane er at denne type revisjon er interessant og nyttig.

KRYSS Revisjon ønskjer å levere forvaltningsrevisjonsprosjekt som betyr noko for kommunen, dei folkevalde, administrasjonen og innbyggjarane !

3 Korleis er rulleringa av overordna analysa utført?

3.1 Modell

Den overordna analysa har teke utgangspunkt i modellen som er presentert i figuren nedanfor (sjå neste side). Til grunn ligg ei tradisjonell *verdikjedeanalyse*, som vi har tilpassa den kommunale organiseringa. For å identifisere truslar kommunen står overfor, har ein nytta seg av erfaringar frå tidlegare revisjon og den kunnskap og innsikt kommunerevisor sit inne med om kommunen. Sentralt her er også informasjon frå rådmannen, tenesteeiningane og det ein finn

på kommunen sine heimesider; jamfør også Fylkesmannen sine tilsynsrapportar i kommunen, og dei skriv og tilbakemeldingar Fylkesmannen har gjeve på dei siste års vedtekne årsbudsjett (ROBEK) til Flora kommune. I tillegg er det lagt opp til bruk av ein del nøkkeltal frå KOSTRA-rapporteringane (økonomi- og tenestedata). KOSTRA står for KØmmunal og STATleg RAPportering, og er eit nasjonalt rapporteringssystem der alle kommunar og fylkeskommunar i landet rapporterer rekneskaps- og tenestedata til ein felles informasjonsdatabase i Staten. Analysedokumentet bygger for øvrig på moment henta frå anerkjent teori og internasjonale standardar; jamfør revisjonen sine interne arbeidsdokument i høve produksjon av årlege revisjonsplaner overfor kommunen.

I det daglege og den løpande samhandlinga mellom forvaltninga og kommunerevisjonen har det vore eit godt samarbeid mellom revisor og administrasjonen der ein har utveksla kunnskap om *oppdraget Flora kommune*. Denne dialogen meiner vi er god. Ein har også prøvd å få fram kva kommunen sitt kontrollutval har ønskjer og målsettingar om i komande år når det gjeld forvaltningsrevisjon. Som nemnt ovanfor har revisor i skriv av 07.02.12 til rådmannen utfordra kommuneleiinga på å kome med innspel på områder som administrasjonen ser det ønskjeleg å få undersøkt nærmare, og kanskje gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt på. Slik tilbakemelding ligg ikkje føre. Ein har søkt å klargjere roller og ansvar og gjennom det å få oversikt over dei styringsdokument som gjeld, samt korleis den politiske og administrative organisasjonsstruktur faktisk ser ut idag. Det er innhenta både administrativt og politisk organisasjonskart som skal vere oppdaterte med slik det er i dag (febr. 2013).


Det er i ei viss grad bygt vidare på sentrale styringsdokument som gjev føringar på korleis Flora kommune skal driftast, bl.a. årlege bindande årsbudsjett, økonomi- og handlingsplanar, område-/delplanar, politisk vedtekne styringsdokument (reglement, m.v.), årshjulet, resultat- og sårbarheitsanalyser, 'kommunekompasset', årsrapportar/årsmeldingar, revisjonsberetningar og revisjonspapirer over fleire år, kontrollutvalet sine møtekart/saker dei siste åra, spesiell saker, revisjonsrapportar, Fylkesmannen sine tilsynsrapportar på ulike felt, KOSTRA-data, m.v. Alle innspel og refererte dokument er det i ei viss grad teke omsyn til, men vektlagt på ulikt vis.

Det er eit forholdsvis omfattande bakgrunnsmateriale som er underliggende for det dokument som er samanfatta frå revisor si side, der fokuset heile vegen har teke utgangspunkt i *risikoforhold og vesentlegheit*, samstundes som ein bevisst har halde fokuset på eit overordna nivå slik forskriftene stiller krav om. Dette kan vere ein vanskeleg øvelse og ein vrien balansegang. Utfordringane her ligg imidlertid til kontrollutvalet og bystyret å velge ut *rik-tige* kontrollobjekt med *rett fokus*, der 'dypdykk' inn i *kommuneforvaltninga* skal gjennomførast som eigne forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Iflg. kommunelova vil den overordna målsettinga til kommunen vere *rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale ressursar og fellesinteresser*. For å nå dette målet må kommunen ha

- 👁 *ei god måloppnåing*
- 👁 *rett oppfølging av vedtak*
- 👁 *god økonomisk styring* og
- 👁 *ein optimal produktivitet*

Desse fire forholda blir vidare definert som føresetnader for å nå hovudmålet. Nedanfor viser vi desse forholda i ein figur som viser kommunen sin verdikjede:



I verdikjeden blir verdiane i kommunen skapt. Verksemda/kommunen sine primæraktivitetar ligg i verdikjeda. "Input" (innsatsfaktorane) er til dømes tilsette, utstyr, bygningar og kapital. Aktivitetane er dei arbeidsoppgåvene som tilfører verdi til dei ulike tenestene ("output").

Iflg. kommunelova vil den overordna målsettinga til kommunen vere *rasjonell og effektiv forvaltning av dei kommunale fellesinteresser*. For å nå dette målet må kommunen ha ei god måloppnåing, rett oppfølging av vedtak, god økonomisk styring og ein optimal produktivitet. Desse fire forholda blir vidare definert som føresetnader for å nå hovudmålet.


Støttefunksjonar er funksjonar som gjer at kommunen er i stand til å utføre primærfunksjonane. Dette er styring, organisering og leiing, rutinar, prosedyrer, prosessar og system, kultur/væremåte og haldningar. I tillegg må ein kommune kunne forhalde seg til rammevilkår og samfunnsmessige forhold, t.d. ytre faktorar gjevne av Staten, og krav og rettigheter frå brukarane av dei kommunale tenester (innbyggjarane i kommunen). Endringar i rammevilkår kan vere endringar i rammeoverføringar, budsjettbevilgningar, og endringar i rente- eller løns- og prisnivå, m.v.

Den administrative organisasjonsstrukturen og forvaltningsapparata er under kontinuerleg vurdering og moglege endringar vil bli innarbeidde i organisasjonskarta når (etter kvart som) endringar blir vurdert nødvendige og vert gjennomførte (heilskapeleg administrativ styring av dette).

Politisk organisasjonskart i Flora kommune 2013


Flora kommune sitt øverste styringsorgan er Flora Bystyre. Bystyret er også det øverst tilsynsorgan og fungerer som ‘generalforsamling’ for dei delar av si verksemd som er organisert som kommunale føretak. Det er bystyret vedtek årsbudsjett og rekneskap for dei årlege, kommunale investeringar og drift. Bystyret vedtek også årsbudsjett og rekneskap for dei kommunale føretaka.

I tillegg til bystyret er kommunen organisert med dei lovpålagde politiske organa, Formannskapet, Kontrollutvalet, Administrasjonsutvalet og eit partssamansett Arbeidsmiljøutvalet. I tillegg er det etablert tre hovudutval, Helse- og Sosialutvalet, Kultur- og Oppvekstutvalet, og Plan- og Miljøutvalet, som tek seg av særlovgjevinga på sine felt. Utover dette er det etablert eigne Styre for dei fire kommunale føretaka, samt ein eigen Prosjektkomite, Klagenemnd, og Ungdommens bystyre. Den politiskke organiseringa går fram nedanfor:



Etter kommunevalet i 2011 er den politiske organiseringa i Flora kommune som vist i bildet ovanfor. Nytt Møte og delegasjonsreglement vart vedteke av Flora bystyre 07.06.2012.

Formannskapsmodellen er ført vidare med 3 hovudutval og administrasjonsutval.



Den administrative strukturen i Flora kommune går fram av figuren ovanfor. Den nye organisasjonsstrukturen vart etablert i 2012 og vil få innverknad og konsekvensar inn i 2013. Dette gjeld særleg etableringa av Koordinerande eining, eit eige tiltaksteam i Helse, omsorg og sosialtenesta, samt eit interkommunalt team som mellom anna skal arbeide med miljøretta helsevern for 12 kommunar i Sunnfjord og Sogn.

Arbeidsmiljø

Arbeidsgjevar har ansvar for at arbeidsmiljøet er fullt forsvarleg, medan arbeidstakarane på sin side har plikt – og rett – til å medverke i planlegging og oppfølging av mål og tiltak.

For å få dokumentert dei tilsette si oppleving av arbeidsmiljøet på deira arbeidsstad, har Flora kommune gjennomført arbeidsmiljøundersøkingar/ medarbeidarundersøkingar, sist i 2012, med oppfølging i 2012 og 2013. I tillegg gjennomfører bedriftshelsetenesta helsekartlegging etter eigne handlingsplan for kommunen. I 2013 vil merksemda spesielt vere retta mot oppvekstsektoren.

3.2 Risiko

Risikovurderingar og målsettingar heng nøye saman. Ei risikovurdering består av å identifisere relevante truslar når det gjeld oppnåing av kommunen sine målsettingar. **Ein risiko i denne samanheng tyder berre at det er ei moglegheit for tap; - ikkje oppfylling av mål.**

Det finst, eller bør finnast, ei rekke målsettingar i kommunen. Målsettingar kan vere kommunen sine strategiar og verdiar eller målsettingar for dei einskilde tenestene, for rekneskapsrapportering, eller generelt for å halde drifta innan lover og reglar og vedtak.

Det er kommunen sitt interne kontrollsystem (administrative rutinar) som skal identifisere/avdekke og motverke risikoforhold. Risiko kan skuldast både eksterne og interne faktorar. Eksterne faktorar kan vere ny lovgjeving eller nye reguleringar/endringar, eller omstillingar, nyorganisering, etc., som gjer at driftsplanar, delegasjon, rammeverk og strategiar må endrast. Det kan også ha med økonomiske endringar å gjere. Desse kan ha innverknad på avgjerdsler/beslutningar om finansiering eller kapitalutgifter. Interne faktorar kan vere eit samanbrot i IKT-systema, nyttilsettingar, samhandlinga mellom tenester, mellom tenester og sentraladministrasjon, tenester og økonomikontor, e.l. Dette kan ha stor innverknad på drifta, eller endringar i leinga, som påverkar måten einskilde kontrollrutiner vert utført på.

Etter å ha identifisert ein trussel, må ein vurdere kor stor risikoen er. Ein trussel som ikkje har nokon betydning eller konsekvens for kommunen, og som med lav sannsynlegheit vil inntruffe, er det mindre grunn til å uroe seg over. Risikoen vert difor fastsett av to forhold; *konsekvensen og kor vesentleg eit forholdet er, og kor sannsynleg det er at dette vil kunne skje.*

I ei viss grad er det er lagt opp til bruk av KOSTRA-data for å identifisere risiko knytta til dei ulike føresetnadene. Dette blir gjort ved ei benchmarkanalyse (samanlikning) av sentrale nøkkeltal i kommunane, samanliknbare kommunar, osv. Dette er økonomi- og tenestedata som kommunane sjølve har rapportert inn til den sentrale databasen; - gjennom kvartalsvis og årlege innrapporteringar. *Frå revisor si side er det nytta reint revisjonsfaglege vurderingar og skjønn i høve risiki og vesentlegheitsvurderingar knytta til kommunen si forvaltning.* Desse vurderingane er tekne inn i eit *teknisk risikovurderingsskjema* (som i seg sjølv er eit dokument unnateke offentlegheit) forbeholdt *oppdragsansvarleg revisor* (administrasjonen har ikkje innsynsrett i revisjonsplandokumenta), men totalkonklusjonane og prioriteringane som revisor har gjort i høve risiki- og vesentlegheitsforhold, er i ei viss grad hensynteke i det som ligg føre her. Desse er visualisert gjennom eit kakediagram med dei abstrakte talstørrelsar, og viser risiki- og vesentlegheitsforholda, på tvers av organisasjonsstrukturen, og vurdert frå revisor sin ståstad. Dette følgjer som vedlegg i dette dokument.

3.3 Identifisering av risikoområde i kommunen

Den overordna analysa består i å identifisere eksterne og interne faktorene som utgjer risiko for at kommunen ikkje skal nå føresetnadene. Det er eigenskapar ved dei fire støttefunksjonane som avgjer kva slags risiko det t.d. er for at kommunen ikkje har ei god økonomistyring.

Analysa er utført ved hjelp av eit forholdsvis detaljert skjema knytta til kvar av dei fire føresetnadene. Revisor sine vurderingar er vertikalt knytta til dei ulike forvaltningsområda, på tvers av organisasjonsstrukturen, og er talfesta. Om *"kommunen har formulert strategiar/overordna mål for den økonomiske utviklinga inneværende år, og på lengre sikt"*, er eit spørsmål som revisor stiller for å finne ut om styringa, og måten styringa skjer på, er eit risikotilhøve i seg sjølv. Forhold som seier noko om kva slags risiko rutinar og system utgjer i forhold til god økonomistyring, vert vurdert mot omfanget og kvaliteten på dei rutinar og kontrolltiltak som skal sikre korrekt økonomisk informasjon til rett tid.

Utfyllinga av det tekniske risikovurderingsskjemaet er gjort ved samtaler revisjonsteamet imellom (heri oppdragsansvarleg revisor), der ein også har lagt til grunn informasjonsinnhenting som ligg føre frå kommuneadministrasjonen.

Dette betyr at det i det alt vesentlege er lagt opp til ei besvaring basert på den erfaring, kunnskap og innsikt kommunen sine revisorarar har om kommunen, med supplement frå det administrasjonen har gjeve i sine tilbakemeldingar. Det må her også nemnast at sentrale kommunale dokument som årsbudsjett, årsrekneskap, årsmeldingar og plandokument, etc., er gjennomgått for innhenting av naudsynt informasjon. Risiko her blir såleis berre identifisert på eit *overordna nivå*. I bakgrunns materialet som ligg til grunn for analysa, ligg såleis også ei *revisjonsfagleg/teknisk risikovurdering* som er gjennomført av revisor i samband med utarbeiding av revisjonsplan for kommunen/oppdraget, samt dei siste års møteprotokollar frå kontrollutvalet i Flora kommune og eventuelle konkrete vedtak som politiske styringsorgan eller spesielle tiltak som administrasjonen har gjort (om det finst slike av vesentleg karakter).

I sum munnar dette ut i nokre abstrakte talstørrelsar som viser indikatorar på kva områder som bør tilleggst vekt i det komande revisjonsår. Ut frå dette, og den øvrige informasjon som ligg til grunn, har ein søkt å kome fram til ei *uprioritert liste* over kva slags område som er mest risikofylte, eller kva Kontrollutvalet og/eller Bystyret bør kunne vurdere å ta med i sine prioriteringar for komande år når det gjeld forvaltningsrevisjonsprosjekt. Utvelginga av forvaltningsrevisjonsprosjekt på bakgrunn av den overordna analysa vil derfor sikre fokus på områder der risikoen er vurdert å vere størst. I dette ligg også innebygt vesentlegheitsvurderingar, gjort av revisor, og ønskjer fremma frå administrasjonssjefen si side. I dette ligg det også at det kan vere hensynteke spesielle problemstillingar som administrasjonen ønskjer nærmare vurdert, eller områder som administrasjonen sjølv faktisk ønskjer nærmare tilsyn og kontroll på.

3.4 Rammeverk for god kommunal forvaltning :


Dei viktigaste føremåla med å ha etablert ei trygg og god kommunal forvaltning, er at det blir skapt, og at ein opprettheld, eit tillitsforhold mellom kommunen og omverda. Innbyggjarane og brukarane av dei kommunale tenestene, er viktige aktørar i dette, men det er også viktig at tilliten blir oppretthalden også i forhold til forretningsmiljøet, næringslivet og myndigheitene. Med forretningsmiljø og næringsliv forstår ein i denne samanheng det lokale næringsliv, bank og finans-/kredittintitusjonar, leverandørar, kundar, lokale foreiningar, lag og organisasjonar, andre kommunar og eventuelle interkommunale samarbeid i regionen/distriktet.

Lokalforvaltninga - som ein kommune og bystyret *er* i denne samanheng – er styrt av myndigheitene gjennom lover og forskrifter, og myndigheitene fører sjølv kontroll og har tilsyn med lokalforvaltninga i den løpande drifta. Her spelar også media ei etterkvart ikkje ubetydeleg rolle; i forholdet mellom kommune og den omverdenen kommunen skal ha tillit ifrå. Ved å etterleve dei grunnleggande prinsippa i god kommunal forvaltning (internasjonalt nemnt som: "*Corporate Governance*" / God verksemdstyring), vil også forholdet til media kunne byggast på ein positiv måte for alle partar ved at kommunen har åpenheit omkring saker, sakshandsaming og vedtak.

I perspektivet *god kommunal forvaltning* er det viktig at *bystyret* - som direkte etter lova framstår som det øverste myndighetsorgan og samstundes også skal opptre som det øverste tilsynsorgan i kommunen -, ivaretek behovet for tilsyn og kontroll på ein tilfredsstillande måte. Ansvar er nedfelt i kommunelova, og bevisstgjer og understrekar viktigheita av tilsyn og kontroll. Årsaka er enkel: Innbyggjarane og skattebetalarane skal ha tillit til at kommunen forvaltar fellesskapet sin interesser på best mogleg måte, og etter dei politiske avveiningar og

prioriteringar som til eikvar tid blir gjenspeila i bystyret si samansetting, og gjennom dei intensjonar og premisser som blir lagt i kvart års budsjettvedtak. I dette ligg det at ein skal strebe etter å få best mogleg tenesteyting ut av kvar krone i årsbudsjettet. Rådmannen sine viktigaste oppgåver er å sørge for at beslutningsgrunnlaget for politiske vedtak er tilfredsstillande og grundig gjennomarbeidd, og at politiske vedtak blir effektuert og gjennomført, og at kommunen elles følgjer dei bestemmelsar som gjeld for forvaltninga. Regelverket kring intern (administrativ) kontroll viser til rådmannen sitt ansvar for betryggande kontroll. Litt forenkla kan ein seie at der eigenkontroll og internkontroll blir forvalta rasjonelt og fornuftig, vil behovet for ekstern statleg detaljstyring bli redusert. Eit velfungerande samarbeid med god kommunikasjon og åpenheit mellom politisk leiing og administrasjonen, anser ein som ein grunnleggande føresetnad for god kommunal forvaltning.

Gjennom følgjande skisse/figur prøver vi å beskrive *kommunal organisering og rammeverket for god kommunal forvaltning*:




Den til eikvar tid sittande kommunalminister har sidan 2008 gjeve klare meldingar om at det skal stillast strenge krav til tilsynsfunksjonane i kommunen, og at kontrollutvalet vil få større ansvar og fleire oppgåver framover. Kommunal og Regionaldepartementet har gjeve ut 85 tilrådingar som har fokus på kommunal eigenkontroll i kommunane. I 2012 og ved inngangen til 2013 er det igjen stort fokus på eigenkontrollen i kommune-Norge. Også Riksrevisjonen og Riksrevisor har gjeve uttrykk for at den offentlege eigenkontrollen må intensiverast og styrkast. Korrupsjonssakene og ein del avdekkte 'skandalar' dei siste åra innafor offentlig sektor dokumenterer behovet for eit sterkt tilsyn med forvaltningsapparata, både politisk og administrativt. KS har i 2012 gjennomført eigne prosjekt som går på intern kontroll og effektivisering i kommunal samanheng, og har i den anledning gjeve ut ein publikasjon «Orden i eige hus». Flora kommune har etablert ein eigen 'controllerfunksjon', som skal bidra til ei styrking av internkontrollen og ei kvalitetsheving på interne, administrative rutiner. Kommunen bør kontinuerleg ha fokus på å sjå til at det blir avsett tilstrekkeleg med ressursar for å ha tilfredsstillande tilsynsfunksjonar med eigen forvaltning. Kontrollutvalet er bystyret

sitt tilsynsorgan, og det er nettopp kontrollutvalet som skal sikre at oppgåvene blir skjøtta tilfredsstillande ved bl.a. å

- gjennomføre ei overordna analyse (risikovurdering) av kommunen si evne til å etablere og gjennomføre målsettingar og strategiar
- lage ei plan for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommune
- bestille tenester for å kunne gjennomføre det som står i planen
- gjennomføre forvaltningsrevisjon (etter ein bestillar-utførar-modell)

Gjennom figuren nedanfor beskriv vi det interne og det eksterne tilsyn i kommunen:



4 Risikoområder i Flora kommune

4.1 Produktivitet

Produktivitet er forholdet mellom ressursane som kommunen set inn og tenesta/-ene som blir utført/levert. Dvs. kor mykje kommunen klarer å "produsere" ut frå dei tilgjengelege ressursar som ligg innebygt i driftseiningane sine budsjettrammer.

I samband med dette er det lagt ned ein del arbeid med å formulere eigen visjon, strategiar og målsettingar. Slike overordna mål er ein nyttig reidskap for å analysere og effektivisere tene-
stene.

Ein veit i dag at det *ved overgangen* til ein 2-nivå-modell med *flat organisasjonsstruktur*, vart Flora kommune i si tid organisert med 47 *driftseiningar*, samstundes som kommunen i tillegg hadde *fleire forvaltningsområder* organisert som *eigne kommunale føretak*. I 2012/2013 ser det administrative organisasjonskartet noko annleis ut; - jamfør side 9. Administrasjonen er organisert med ei toppleiing beståande av rådmannen og 3 kommunalsjefar, i tillegg ein eigen 'controller'-funksjon, og eigne stabsfunksjonar i økonomi, kvalitet og utvikling, kommunika-
sjon og service, og organisasjon og personal. Det er etablert fem nettverksområder, sortert på Barnehage, Skule, Kultur, Teknisk og HOBUN (*helse, omsorg, barn/unge, NAV/sosial, arb.tidsordningar*). I tillegg er delar av forvaltninga organisert som eigne kommunale føre-
tak. Det gjeld Flora Hamn KF, Flora kommune Havhesten KF, Flora Kjøkkenservice KF og Innvandrarsenteret KF. Eit interkommunale hamneføretak er også organisert med Flora Flora kommune og Flora Hamn KF som vertskap; Alden Hamneområde. Desse føretaka har eige Styre og eigne daglege leiarar med eigne budsjett- og rekneskapsansvar. I det daglege har ikkje rådmannen instruksjonsrett overfor desse. Alle kommunale føretak (KF'a) har eigne sjølvstendige årsbudsjett og rapporterer årsrekneskap og årsmelding, med eigen revisjonsbe-
retning og eigne årsrapporteringsaker via sine Styre, til Flora Formannskap og Flora Bystyre. Det er Bystyret som vedtek årsbudsjett og årsrekneskap for alle kommunale føretak.

Det er etablert eit eige *tenestetorg*, som har fungert nokre år, og som fungerer som sekretariat for dei politiske utvala. Det er dei siste åra gjort endringar i kommunen sine heimesider og kommunen sitt intranett, og det er høve for innbyggjarane å søkje tenester elektronisk, via elektroniske skjema via kommunen sine heimesider. Det finst mykje informasjon om kom-
munen på kommunen sine heimesider, og brukarterskeleg er monaleg redusert i den seinare tid, og at tenestebukarane og publikum nyttar IKT meir og meir i sin kontakt med kom-
munen.

Administrasjonen er spreidd over fleire lokalitetar i heile Florø by. Kommunen har innført *scanning av arkivverdig, inngåande post*, og i tillegg har kommunen teke i bruk *scanning* av inngåande fakturaer, med *elektronisk tilvising* av desse. E-handel og e-faktura er også på veg inn i det kommunale systemet. Det er ingen fast assisterande rådmann, men denne funksjonen vert rullert på dei 3 kommunalsjefane, og i praksis rapporterer dei ulike tenesteleiarane inn til kvar sin kommunalsjef etter eit definert mønster. Det er etablert leiarmøter og linjemøter etter faste rutiner året igjennom (årshjulet). Utover dette er det etablert ulike nettverk innafor bl.a. omsorg, barnehage, skule, tekniske tenester, kultur. Kommunen må seiast å ha stabil arbeids-
kraft i nøkkelstillingar, sjølv om det i ein kommune som Flora med ca 12000 innbyggjarar alltid vil vere ein del endringar i tilsette og organisering. Etter revisor sine vurderingar kan Flora kommune betraktast å ha ein "*sett organisasjon*", der oppgåver og ansvar i ut-
gangspunktet, og i all hovudsak, er klart definerte tenesteområda og sentraladministrasjonen imellom. Effektiviteten, samhandlinga, rapporteringa og eventuelle avvikshandteringar i dette, er utfordringar ein står overfor heile tida. Kommunen har eit omfattande sett av plan-
dokument, og mange interne styringsdokument, reglement, og 'køyrereglar'. Nokre av desse er nyleg oppdaterte, og ein arbeider med oppdatering og ajourføring av andre (eks. 'prosjekt-
styringshandboka'). Dei fleste av desse er handsama og vedtekne av Flora Bystyre. Det vert arbeidd kontinuerleg med å kvalitetsheve rutiner og å formulere eigen visjon, strategiar og målsettingar, og kommunen er med i – og vurderer også nye - interkommunale samarbeid på ulike områder innafor regionen som kommunen soknar til (vi nemner her samarbeid i Sunn-
fjord (SIS; IKT/EDB), Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS, KRYSS Revisjon (revisjons-

tenester, § 27-samarbeid), kontrollutvalssekretariatet SEKOM-Sekretariat (§ 27-samarbeid), og tilkomne nye samarbeidsformer/-avtaler innafor samhandlingsreforma i 2012, m.fl.

Gjennom ei rekke overordna, vedtekne, styringsdokument som fortel korleis kommunen skal driftast og styrast, og kva tenesteomfang som skal vere etablert overfor innbyggjarane og brukarane av dei kommunale tenestilboda, vil årsbudsjetta vere styrande for dette. Her er også særlovgjevinga sentral i høve krav, rettar, plikter, mv.; - både overfor den kommunale forvaltninga og tenestebukarane/publikum i kommunen. I dette ligg også innebygt overordna målsettingar og prioriteringar. Slike overordna mål er ein nyttig reidskap for å analysere og effektivisere tenestene. Kanskje er ikkje alle målsettingar klart nok definerte, eller er vagt formulerte, eller kanskje manglar dei heilt, og kanskje er dei heller ikkje nedteikna eller dokumenterte på ulike tenestemråder. Både årsbudsjettet, økonomi- og handlingsplanen og dei årlege årsrapportane er fylldige og solide dokument som er beskrivande for dei oppgåver, ansvar og målsettingar og resultatvurderingar av det som ligg føre

Det kan vere interessant å vurdere i kva grad målsettingane vert nådd. Uansett bør ein ha dette 'i mente' når ein for 2013 føreteik ei rullering av overordna analyse for risikoforholda i kommunen. Ein må i denne samanheng også hensynta vurderingar knytta til kommunen sine deltakingar i interkommunale samarbeide på ulike felt i regionen, og kva eigarstrategi som eventuelt er nedfelt frå dei politiske styringsorgan. Organisering av delar av kommunen si verksemd som kommunale føretak, bør ein også vurdere å sjå nærmare på. Det er ulike planar for effektivisering og modernisering av driftsmodellen i ein kommune, men framdrifta i dette eller om det er konkrete planar her, kan vi ikkje uttale oss om her. Dette er stadig i endring. Det må også takast omsyn til at kommunen i dag er ROBEK-kommune, med dei plikter og ansvar som følgjer med det. Kommunen har hatt store utfordringar her; ikkje minst med tanke på å få rette opp den økonomiske situasjon og etablere eit større økonomisk handlingsrom enn kva som har vore fram til og med 2012. Årsresultatet for 2012, med eit stort driftsoverskot, er spositivt for den økonomiske situasjon framover, sjølv om ufordringane enno er store og mange i Flora kommune.

Ein evaluerer også fortløpande dei interkommunale samarbeid som kommunen er involvert i, samstundes som ein vurderer nye samarbeidsformer på ulike områder med nærliggande kommunar i regionen. Kommunen har i ei viss grad samarbeid både nordover, austover og sørover med nærliggande kommunar. Også desse forholda kan det vere interessant å sjå nærmare på; - om kommunen har fått nokon nytteverdi av dei '*investeringar*' som er gjort frå kommunen si side i dei etablerte/formaliserte samarbeida.

Flora kommunen har eit forholdsvis detaljert spesifikasjonsnivå på både budsjett og rekneskap internt, sjølv om både årsbudsjett og årsrekneskap vert vedteke på eit overordna nivå, der den verbale biten av desse dokumenta legg premissane for det som skal kome i komande budsjettår. Her går det også fram kva intensjonar og føresetnader som ligg i dei politiske løyvingane i årsbudsjetta og økonomiplanen. Dei økonomiske rammer er klarlagde overfor kvar einskild driftseining/tenestemråde i Flora kommune. Det er verd å merke seg at Kommunelova stiller krav om at *årsbudsjettet er bindande* både for den folkevalde og administrasjonen; heri for rammeløyvingane overfor dei einskilde tenestemåda/resultateiningane, og skal i utgangspunktet ikkje overskridast. Dette betyr at politisk vedteke budsjett er bindande og skal ikkje overskridast for det som er vedteke for dei kommunale investeringsprosjekt og den løpande kommunale drifta gjennom året.

Ein *flat organisasjonsstruktur* har ført til at oppgåver som tidlegare var ein del av stabsfunksjonen, er sett ut til dei ulike driftseiningane/tenestemåda, eller er koordinert gjennom rådmannen/kommunalsjefteamet i administrasjonssjefen (rådmannen) sin stabsfunksjon. Dette

gjeld bl.a. budsjettoppfølging/ rekneskapsrapporteringar, rekvisisjon, attestasjon og tilvising, kodesetting i høve moms- og momskompensasjonsregelverket, oppfølging av ulike refusjonsordningar, rapportering av bruken av tilsagns-/tilskotsmidlar, og handtering av regelverk knytta til dette. Ordninga med elektroniske fakturaflyt, med elektronisk attestasjons- og tilvisingsfunksjonar, har utvilsomt bidrege i positiv lei. „Dette tyder at relativt mange tilsette må vere oppdatert på det same regelverket, og det kan vere ei utfodring i det daglege virke. Føring av løn, registrering av inngåande fakturaer og fakturering av kommunale ten-ester, var tidlegare sentralt forankra; høvesvis på Løns- og personalkontoret, og på Økonomiavdelinga/ Rekneskapskontoret (Flora Bykasse), men idg er det vel ingen som ønskjer seg tilbake dit ein var på dette felt for nokre år sidan. Også ansvaret for aktuelle refusjonskrav/refusjonsordningar for eit tenestoområde, ligg i dag i utgangspunktet til den einskilte driftseining, men i praksis vert dette følgt opp av sentraladministrasjonen (rekneskapsavdelinga/Flora Bykasse). Her ligg det utfordringar i at ”saker og ting (ikkje) fell mellom to stolar” !

Driftseiningane rapporterer forholdsvis tett inn imot toppleiinga, som igjen syr saman dette i standardrapporteringar til dei politiske styringsorgana (Formannskapet og Bystyret). Her er rådmannsteamet sentrale i den rapportering som skjer vidare til dei politiske styringsorgana. Rapporteringane er standardiserte og vert ’samansydd’ frå rådmannen si side. Det same gjeld årsrapportane i tilknytning årsrekneskapane (fyldig, solid og informative dokument, der bl.a. KOSTRA-materiale vert nytta). I samband med avlegging av kvart års årsrekneskap/årsrapport vert det gjennomført ein eigen økonomidag, der både folkevalde og tilsette er med.

Politisk har kommunen framleis den såkalla *hovudutvalsmodellen*. I dag har kommunen dei obligatoriske, politiske styringsorgana. Dette betyr at Flora kommune er organisert med eit Bystyret (35 representantar fordelt på 7 politiske parti), Formannskap, Administrasjonsutval, Arbeidsmiljøutval og Kontrollutval (lovpålagde utval). I tillegg har kommunen ulike hovudutval/sektorutval som ivaretek særlovgevinga på ulike felt. Kommunen nyttar seg også av såkalla *ad-hoc-utval*, når behovet melder seg, og dette er føremålstenleg. Vi nemner her ordninga med prosjektkomité, som skal følgje prosessane i alle byggjesaker (prosjekt, nybygg og nyanlegg).

Det er revisjonen si oppfatning at Flora kommune i ei viss grad nyttar *KOSTRA-tal* til å evaluere eiga verksemd; - jamfør årsrapportane dei siste åra. Kommunen nyttar seg av ’kommunekompasset’, *ROS-analyser*, *årshjulet*, *brukarundersøkingar*, m.m., for å sikre og å få evaluert eiga verksemd på ulikt vis. Kommunen har vore ’testa i brukarundersøkingar’, og har fått *varierende resultat*. Slike undersøkingar har vi i liten grad lagt inn i vurderingane i denne analysa.

KOSTRA-data innheld verdifull informasjon, og vil kunne vere eit vesentleg styringsverktøy i einkvar kommune. Dersom KOSTRA-data ikke vert nytta i tilstrekkeleg grad, kan *det* i seg sjølv utgjere ein risiko ved at kommunen går glipp av verdifull styringsinformasjon. Dette kan også påverke kommunen sine inntekter direkte, fordi KOSTRA-data til ein viss grad ligg til grunn for rammeoverføringane og styringskriteria for det kommunale inntektssystem. Vi veit i dag at Flora kommune er aktiv brukar av KOSTRA-informasjon. Nøyaktigheit i rapportering av økonomi- og tenestedata til KOSTRA-databasen er såleis særdeles viktig; frå kommunen sjølv. Rapportering av økonomi- og tenestedata til, og bruken av, KOSTRA-materialet, bør ein vurdere å sjå nærmare på. Det er imidlertid vår oppfatning at Flora kommune heilt klart er bevisste på den styringsinformasjon som kan nyttast frå KOSTRA-databasen.

Via *ordinær rekneskapsrevisjon* (finansiell revisjon og stadfesting av økonomisk informasjon), og substanskontrollar (analytisk og bilag, m.v./finansiell revisjon) undersøker revisjonen den løpande bruk av både art og funksjon, og ikkje minst kodesetting i høve moms/momskompensasjon, for slik å bidra til at kommunen har ei mest mogleg korrekt økonomi-

kontering/-rapportering. Revisjonsmessig har ein *lege forholdsvis tett på* administrasjonen si grunnlagshandtering og bokføring, med avviksvurderingar i høve budsjettkontroll, bokføring og kodesetting i grunnlagsdataene for rekneskapen. Revisjonen har også ei tett oppfølging av at politiske vedtak blir effektuert, og at økonomiske forhold i tilknytning til dette, blir korrekt handsama rekneskapsmessig; heri inn- og utbetaling, etc. Kontrollutvalet i Flora er aktive i sin rolle som tilsynsorgan og stiller krav og har forventningar til både administrasjonen og revisjonen sitt virke.

Det bør vere utarbeidd serviceerklæringar og/eller tenesteeerklæringar for dei fleste einingane. Dette kan bidra til å sikre god produktivitet, fordi det då vil vere klart for dei tilsette kva som skal ystast, og kva omfang og kvalitet den einskilde teneste skal ha. Leiinga skal sikre at alle tilsette leverer tenestene på same måte, og slik sett skal ein kunne ha betre kontroll på bruken av ressursar. Her kjem også prinsippet om *likebehandling* inn. Den flate organisasjonsmodellen fordrar såleis ei *sterk og handlekraftig leiing*, samstundes som driftseiningane/tenestene skal etterleve dei delegasjonsfullmakter og styringsdokument; heri økonomireglement, m.fl., samt særlovgevinga og dei arbeidsinstruksar, som gjeld på dei ulike områder. Her vil internkontroll, verifisering av denne, og '*testing av kontrollar*' (*systemtestar*, m.v.) vere stikkord som også bør kunne sjåast på i lys av produktivitet ved ein forvaltningsrevisjon.

Flora kommune har ikkje utarbeidd eigne serviceerklæringar/tenesteeerklæringar for kvar eining. Tenestetilbodet går fram av handlingsprogram for tenestene (papir/elektronisk tilgjengeleg) og på kommunen sine internettsider, der dei aller fleste tenester står omtalt. For områder som t.d. omsorg er det gjort politiske vedtak om prinsipp og kriteriar for tildeling av omsorgstenester. Evaluering av tenesteytingar blir gjort som del av systemet handlingsprogram/årsrapport.

Revisjonen er usikker på korleis dette vert handtert og kva oppfatning/inntrykk som er i forvaltninga og *kontrollmiljøa* vedr. utøvinga av leiarskap med krav til streng/stram økonomisk styring og kontroll, *når ein ser kommunen under eitt* (totalt sett). Ut frå dei siste års erfaringar og den *underskotssituasjonen* som Flora kommune har vore i, er det likevel revisor si vurdering at kommunen har ei leiing som framstår med tiltak og handling når utfordringane har dukka opp. Dette kan skape uro og uorden i ein gjennomsiktleg organisasjonsstruktur med forholdsvis avgrensa organisasjonsledd og forholdsvis små einingar/forvaltningsområder. Årsresultatet for 2012 viser at det har vore ei nøktern og stram økonomisk styring på dei fleste områder, og dette gjer at kommunen ser ut til å kunne kome seg ut av ROBEK-lista til Fylkesmannen i løpet av 2013.

Innbyggjaren og brukaren av det kommunale tenestetilbod i Flora kommune har krav på, og bør kunne få, ein tryggleik i høve til kva som kan forventast (omfang og kvalitet på den ulike teneste = tenesteeerklæringar), og på kva grunnlag ein kan klage på ein teneste.

Manglande svargjeving på skriftlege henvendingar frå publikum/brukarane av kommunale tenster, til kommunen, har etter revisjonen si oppfatning *ikkje* vore noko gjennomgåande, konkret problemstilling i Flora kommune dei siste åra. Det vil alltid oppstå einskildtilfelle i ei så stor organisasjon og med det mangfaldet som inngår i Flora kommune sin totale tenesteportefølgje. Dette har bl.a. med delegasjonsfullmakter, og utøvinga av leiarskap (gjennomgåande i Flora kommune) og prioriteringar å gjere.

Sakshandsaminga vert regulert av bl.a. forvaltningslova, som er heilt klar på korleis dette skal vere. Sjølv utredningsplikta i forhold til sakshandsaminga er forankra direkte i Kommune-lova § 23, og det er *administrasjonssjefen som sit med det overordna ansvar* for at dette er forsvarleg og tilstrekkeleg, og at lov og forskriftsverket vert etterlevd og følgd. I dagens lovverk er det *krav om skriftleg sakshandsaming i offentleg sektor*, og dette kan ein ikkje organisere, eller delegere, seg bort ifrå.

Dei fleste IKT-system vert "køyr" i 'eigen regi', men kommunen er med i eit interkommunalt samarbeid med kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn, fordert som gjeld IT-sikkerheit, etc. Kommunen køyrer imidlertid all programvare (økonomi, budsjett og rekneskap, løn, kommunal fakturering (Unique), sak/arkiv (ACOS-wed-sak), m.m.) i eigenregi, med det ansvar dette inneber. Drift av 'brannmurar' og einskilte linjer inn mot internett og e-post filtrering, helse og skule, er drifta av SYS IKT Førde. Flora kommune kjøper desse tenestene frå eit eige interkommunalt samarbeid, der Førde kommune er vertskap.. Tenestene kan og kjøpast av andre, men ordninga med Førde er ifølgje IT-ansvarleg god og rimelig. I forhold til dei øvrige 'Sunnfjord-kommunane' (som nyttar økonomisystemet og lønssystemet *Agresso*), nyttar Flora kommune programvaren "*Unique*" både på kommunal økonomi (årsbudsjett og rekneskap, økonomiplan), kommunal fakturering og lønssystemet. På sakshandsamingssida nyttar kommunen Acos-web-sak. Systemegar er her Tenestetorget, men dei tilsette som er systemansvarlege, er ikkje lenger tilsett på Tenestetorget, men i ei anna avdeling i kommunen.

Den samla programvare på IKT-sida stiller kommunen overfor krav og utfordringar på forvaltningssida, ajourhold, sikkerheit og dagleg back-up, mv., samstundes som kommunen heilt og fullt bevisst har valgt å *drifte dette sjølv*. I seg sjølv representerer dette ein risiko som det må takast omsyn til. Dette tyder m.a. at kommunen sjølv har det praktiske ansvaret for oppgraderingar av systema, sikkerheit og 'back-up', dagleg drifting, m.v. Kommunen har teke høgde for dette gjennom eigne tilsette på IKT-sida. Kommunene har i dag 4 tilsette på IKT avd. (inkl. lærer). IKT avd overtok forvaltninga av skulenettbrukarane i des 2007. Dei har kring 200 lærarar og 1800 elevar som brukar systemet. Før var det skulane sjølv som drifta sine eigne system, i den forbindelse blei det tilsett ein person som i dag drifter dette nettverket på IKT avd. Kommunen har i dag godt etablerte ordningar når det gjelder dagleg backup, desse ordningane er nedskrevet og i bruk. IKT avd. har og utarbeidet sikkerheits og sårbarheitsanalyser. Vi meiner at Flora kommune i dag har gode utarbeidde rutinar som er nedskrivne i ei "*rutinehandbok*" (*nedteikna* interne rutiner). Kommunen vil kunne vere sårbar i høve til tilsette med IKT-kunnskapar lokalt i eigen forvaltning, men dei er og bevisste på denne problemstillinga, slik at når dei investerer i nytt utstyr kjøper dei ferdige oppsette løysingar som leverandøren av oppsettet kan drifte og drive vedlikehald på. IKT-avdelinga kjøper og slike programvarer som er compatible med kvarandre. Flora Kommune har i dag fleire leverandørar inn mot dei forskjellige systema som kommunen driftar i dag.

IKT er eit viktig område, fordi mykje av det daglege arbeidet som vert utført, fordrar at systema fungerer og inneheld rett informasjon til eikvar tid. Frå tilsynsorgana si side har ein ikkje hatt særskilt fokus på bruken av IKT, - utover tilgangskontrollar og internkontrollen i systema, men kanskje bør det setjast søkjelyset på ei '*kost-/nytte-vurdering*' *kring bruken av IKT-verktøy*, og om bruken av ressursar står i stil med nytten av bruken av IKT, internt og eksternt.

Det er grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon med produktivitet som vinkling, t.d. knytt til ressursbruk og organisering av tenester.

4.2 Oppfølging av vedtak

Flora Bystyre og andre politiske organ gjev føringar, og vedtek kva mål kommunen skal ha; jamfør årlege årsbudsjett, budsjett- og handlingsprogram, evalueringane i årlege årsrapporteringar, årlege plan- og økonomikonferansar, 'kommunal dag', perioderapporteringar i året/ einskildsaker i året, m.v.

Ansaret for å følge opp saker ligg som regel på den einskilde sakshandsamar, og den einskilde teneste (tenesteleiar). Storleiken på kommunen og kommunikasjonen mellom tilsette, og mellom administrasjon og politisk nivå, tilseier at risikoen knytta til dette området er akseptabel.

Einskilde vedtak som ikkje vert følgd opp til rett tid, vil som regel bli peika på av dei politiske styringsorgana. Revisjonen opplever ikkje manglande effektivering av gyldige politiske vedtak som noko problemområde i Flora kommune, men dette er noko revisjonen ikkje har gått djupare inn i. Rådmannen har tidlegare uttala overfor revisjonen at manglande effektivering av politiske og administrative vedtak ikkje er oppfatta som noko problemområde i Flora kommune.

Revisjonen er kjend med *arkivforholda* kring sentraladministrasjonen og *korleis dokumenthandteringa* i det alt vesentlege finn stad på Flora kommune sitt sentralarkiv/elektronisk arkiv ved *Tenestetorget* i Flora kommune (Arkivlova, sikring, forvaltningslova, offentlegheitslova, organisering av servicekontoret/”Tenestetorget”, postlister, sakshandsaming, m.v.). Dette synest å inngå i eit betryggande system. Postlister, møteinnkallingar og møtebøker er også å finne på kommunen sine heimesider, tilgjengelege for publikum.

Etter Kommuneleva § 23, nr. 2, er det administrasjonssjefen som skal påsjå at saker vert førelagt dei folkevalde organa, og at eikvar sak er forsvarleg utreda, og at vedtak blir iverksett. Vi kjenner ikkje til at vedtak systematisk ikkje vert følgd opp av administrasjonen.

I ein kompleks organisasjonsstruktur som ein kommune er, meiner vi likevel at det generelt sett kan eksistere *ein viss risiko* for at vedtak (på ulike nivå, med ustrakt bruk av delegasjonsfullmakter) ikkje blir følge opp. Ut frå dette meiner revisjonen at det på generelt grunnlag kan vere behov for å sjå nærmare på forvaltningsapparatet, og eventuelt gjennomføre forvaltningsrevisjon på dette området.

Eit innspel her kan f.eks. vere løpande vedtak (i forvaltninga etter delegasjon) som i realiteten inneber vedtak med innebygd budsjettjusteringar, som ein ikkje finn igjen i regulert budsjett i periode- og årsrapporteringane (det kan vere mogleg at slike vedtak ikkje vert sendt bemyndiga instans/organ for registrering/budsjettjustering i budsjett-rutinen ? ... eller at ordlyd i vedtak er slik at vedtak kan mistolkast eller er upresist på noko vis).

4.3 Økonomistyring

Økonomistyring har med styring og fordeling/ oppfølging av knappe ressursar å gjere. Det er viktig at avgjerder vert bygd på rette opplysningar, dvs. at det ligg føre eit godt grunnlag for å styre dei knappe ressursane. Dette stiller krav til at det vert føreteke rapporteringar med korrekt, oppdatert økonomisk informasjon til rett tid, slik at politikaren til eikvar tid har så nøyaktig informasjon som mogleg å byggje sine vurderingar og beslutningar/vedtak på.

Dette er også viktig for administrasjonen sjølv i den løpande/daglege driftssituasjon, og ikkje minst historisk, å kunne vise til at lovverket sine krav til skriftleg sakshandsaming, med framlegging av saker, med tilstrekkeleg og tilfredsstillande saksutgreiingar, til dei politiske styringsorgana (gjerne i tråd med delegasjonsreglement, m.v.) er følgde. Å ha ei tilstrekkeleg og tilfredsstillande sakshandsaming i alle økonomisaker er særdeles viktig; - ikkje minst på bakgrunn av at dette munnar ut i rettar og plikter av økonomisk karakter, som gjerne bind både kommunen og brukaren (andre), og som også skal (kan) medføre inn- og utbetalingar, bokføringar, osv.

Kommunen har ein fireårig, retningsgjevande økonomiplan (eller 8-, 12-års-plan), bindande årsbudsjett, og rapportering i høve til dette. Nettverka som er etablert og dei sjølvstendige tenesteeiningane har krav på seg til periodevis å rapportere økonomi- og tenestedata på måla i sine planar. Det er nødvendig at administrasjonen synleggjer ressursbruken slik at politikarane i neste omgang kan justere budsjettet og evt. styre på annan måte. For alle styringsføremål er det viktig at rapporteringa inneheld oppdatert økonomi og riktig informasjon til rett tid, og at alle rapporteringar skjer rettidig med korrekt informasjon (rekneskap til eikvar tid ajour, korrekt økonomisk informasjon, korrekte beslutningsgrunnlag, mv.). Her ligg det utfordringar i eikvar avviksrapportering og ikkje minst korleis avvikshandteringa skjer og bir følgt opp.

"Årshjulet" styrer mykje av budsjettprosessen og rapporteringsrutinane. Det bør vere fokus på kommunen sine sentrale styringsdokument; som bl.a. etterlevelsen og praksis kring kommunen sitt delegasjonsreglement og økonomireglement, m.v.

Kommunen har i mange år hatt klare retningslinjer innebygt i sitt Økonomireglement kring ferdigstilling og sluttrapportering av investeringsprosjekt. Administrasjonen tok tak i dette viktige arbeidet for mange år sidan. Rutinane er samla i ein eigen '*prosjektstyringshandbok*', som er detaljbeskrivande for korleis dette skal vere (frå idè/prosjektet er skapt/oppstarta og politisk vedteke, gjennomføring, og til slutføring og sluttrapportering til politiske nivå. I 2013 er ein i ferd med å oppdatere denne rutinehandboka, og dei siste åra har ein hatt eit stor oppryddingsarbeid i ferdigstilte byggjeprojekt og sluttrapportert forholdsvis mange prosjektrekneskap til politisk handsaming. Når ein går inn i 2013 er ein stort sett ajour med dette oppryddingsarbeidet, og prosjektrekneskap og sluttrapport vert utarbeidd fortløpande etter kvart prosjekta vert ferdige. Slike prosjektrekneskap vert rapportert gjennom prosjektkomiteen, via revisor/kontrollutval, med endeleg godkjenning av Formannskapet eller Bystyret ut frå prosjektet sin storleik og kompleksitet. Etter revisor sine vurderingar er det gode rutiner på dette i Flora i dag. Det kan likevel vere aktuelt å sjå nærmare på kommunen si handtering av regelverket på dette området, og om byggjesaksprosessane følgjer *Lov om offentlege anskaffelsar*, og om framdrifta i byggjesaksprosessen samsvarar med det som er skildra i kontrakt og avtaler og interne reglement i kommunen.

Dei sjølvstendige tenesteeiningane har ansvar for bl.a. ulike refusjonsordningar/refusjonskrav som gjeld eiga drift. Her ligg det utfordringar for einkvar tenesteeining. I praksis prøver rekneskapsavdelinga/lønsavdelinga/bykassa å følge opp dette. Det er forholdsvis små og oversiktlige forhold i kommunen kring dette, men antalet tenesteområder/sjølvstendige driftseiningar/ten-esteområder er likevel forholdsvis mange, og dette stiller krav og utfordringar i høve løpande oversikt, avviksrapportering og handtering av slike, samt intern kontroll. Frå revisjonen si side kan det vere aktuelt å sjå på dei beskrivande ansvarsfordelingar og styringskriteria knytta til dette, utover det som er nedfelt i kommunen sitt økonomireglement. I dette vil normalt inngå *rutinane kring kommunal fakturering, og kva ordningar som er etablert når det gjeld oppfølging av refusjonsordningar og produksjon av grunnlagsdata for refusjonskrav/faktuering, tilskotsrapporteringar, innkrevingsrutinar, 'praksis for krav', m.v.*

Momskompensasjonsregimet var nytt frå 01.01.2004 og regelverket er seinare utvida. I dag er det kvar einskild drifteining som har ansvaret for den *posteringsordre* som vert tillaga som bokføringsgrunnlag overfor økonomikontoret. I dag er det elektronisk tilvisingsordning i Flora kommune. Korrekt kodesetting i høve moms- og kompensasjonshandsaming er viktig, for dette representerer store pengebeløp for kommunen; alle einingar sett under eitt. Området er underlagt særattestasjon frå revisor si side for kvar termin (2-månaders-periode) seks gonger i året, og vil uansett inngå i revisor sitt ansvar og oppgåve når det gjeld *finansiell revisjon*.

Dette er ikkje mindre viktig etter at kommunen har gått over til scanning og elektronisk handsaming av inngåande fakturaer, med elektronisk mottak og tilvising/kontering av fakturaene. Ordninga representerer krav til kunnskap og kompetanse i høve momskompensasjonsregimet på alle tilvisingsnivå i kommunen. Det er revisor sine vurderingar at det er lite feil på kodesettinga både i høve refusjonsberettiga (momskomp.regimet) mva og frådragsberettiga (momslova) mva.

Det er særskilte reglar for sjølvkostområda i kommunane. I hovudsak gjeld dette vatn, avløp, renovasjon, byggjesak, SFO, m.fl. i dag er det krav om særskilde noteopplysningar kring dette ved kvart års årsrekneskap, og dette er noko både kommuneforvaltninga og innbyggjaren er opptekne av. Det er såleis særleg viktig å ha etterkontroll på desse områda i samband med kvart års årsrekneskap, og ikkje berre ved kvart års budsjettarbeid. Det er krav om årleg etterkalkulasjon på 'korleis gjekk det', der mogleg overskott i høve sjølvkost, skal av settast til særskilde fond, som kun kan nyttast til driftsføremål eller inngå i prisinga til forbrukaren. Det er lagt opp rutiner kring dette i forvaltninga, der ein også set søkjelyset på fondsavsetningar og bruken av desse, gjennom ein eigen forvaltningsrevisjonsrapport som var slutført og rapportert til Kontrollutvalet i 2012.

Innkjøpsordninga til kommunen kan vere eit område å sjå nærmare på. Lovverket og regelverket kring offentlege anskaffelsar; særleg på anleggssida. Det kan vere aktuelt å sjå nærmare på rutinane og om kommunen sine eigne reglement vert følgde på dette felt; og om interne reglement er ajourført eller samsvarar med sentralt innkjøpsregelverk (tilpassa EU-direktiv, m.v.). Dette er også teke opp under anna punkt ovanfor, men med ein annan innfallsvinkling.

Forvaltninga av kommunale eigendelar og låneportefølgje (finansforvaltninga) kan også vere eit området å sjå nærmare på. Dette har det også vore sett fokus på frå både KRD og Fylkesmannen si side (etter 'Terra-saka') ved at det er gjort forskriftsendringar som stiller store krav til kommunane når det gjeld kommunen si finansforvaltning. Lova og forskriftene stiller krav om eige finansreglement og eigne rutinebeskrivelsar for korleis finansområdet i kommunane skal kunne forvaltast. Ei undersøking her kan vere om kommunen sitt eige reglement vert etterlevd og følgd på dette feltet, og om den praksis som er etablert, er hensiktsmessig og nyttig for Flora kommune.

Lønsområdet er eit stort, omfattande og vesentleg område å ha kontroll på. Området har vore underlagt spesiell kontroll frå revisor si side, med rapporteringar til både kontrollutvalet og bystyret tidlegare. Det kan vere aktuelt å føreta etterkontroll på lønsområdet framover. Innafor dette området kan det også vere aktuelt å sjå på sjukepengerefusjonar, om rutinane fungerer, osv.

Det kan vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon knytt til økonomisk styring.

4.4 Måloppnåing

Kommunen må syte for å ha ei tilstrekkeleg sakshandsaming overfor brukarane og ha ei god oppfølging av eksterne/ interne mål. Nokre av punkta nedanfor er også omtala under '*økonomistyring*' og '*oppfølging av vedtak*' ovanfor; - men med eit litt *anna fokus*.

Kommunen har eit relativt avansert sakshandsamarsystem, der all inngåande post som kjem til *Tenestetorget* i Flora kommune (lokalisert i Flora Samfunnshus, Florø), vert registrert (elektronisk scanning av inngåande, arkivverdig post) av fellessekretariat/tenestetorget. Etter at inngåande post er registrert på saker ved tenestetorget, fordeler ein sakene på 'sakshandsamar' i systemet. Unnatak her er NAV/Sosialkontoret (med eigne system og eigne regelsett) og skatterekneskapen. I praksis vert inngåande/arkivverdig post framført gjennom ei eigen rutiner for *scanning av inngåande post*. All post legger seg i kvar sakshandsamar sin innboks og samtidig legger sakene seg i restanselista til den enkelte sakshandsamar. Posten blir liggande i innboksen i 3 veker før den blir sletta. I restanselista blir sakene liggande til dei blir respondert på på ein eller annan måte. Kvar sakshandsamar må lese og svare på sakene i sakshandsamarsystemet og dei er sjølv ansvarlig for at restanselista blir følgt opp. Dersom det går lang tid før sakshandsamaren svarar på henvendinga, vil systemet kunne gje sakshandsamaren ei purring, og *systemet* gjev høve til produsering av 'restanselister' på sakshandsamarnivå. Dette er ei sikring av at brukarane får svar innan rimeleg tid (forvaltningslova sine krav til svar/responstid). Slik ein har forstått dette er denne delen av IT-rutinen er ikkje praktisert i dag. Det er ikkje etablert faste gjennomgåande tilbakemeldingsrutiner til brukaren om at sak er motteke, og kva tid den vil kunne vere ferdighandsama, eller kva tid endeleg svar vil kunne ligge føre. Forvaltningslova sine reglar om responstid/svartid skal takast høgtideleg. Dette gjeld også saker som er påklaga. Dette har også administrasjonen målsettingar om. Det kan vere aktuelt å sjå på rutine knytta til sakshandsaming, responstida på svar, osv., med måloppnåing som fokus.

Lov om offentlege anskaffelsar er sentral for kommunen. Dette fordi konsekvensane ved å ikkje følgje regelverket kan vere store økonomisk og rettslege; i alle fall i investeringsprosjekt og større 'saker'. Det kan såleis vere ønskjeleg å sjå nærmare på dei innkjøpsavtaler som kommune er med på, og eventuelt prioritere ei undersøking av innkjøpssamarbeidet(/a) som kommunen er deltakar i.

Sjølvkostområda var nyleg underlagt særskild forvaltningsrevisjon, med rapport som har fått si handsaming i kontrollutvalet. Arbeidet kring sjølvkost har fått ei kvalitetsheving gjennom den undersøkinga som kontrollutvalet bestilte, og dette er eit område som vil ver eudnerlagt særskilt tilsyn med eigne noteopplysningar til kvart års årsrekenskap. Ein vil tru at det bør gå nokre år før ein eventuelt har ein etterkontroll på dette området i kommunen. Revisjonen vil alltid ha innretta eit fokus på dette i sin finansielle revisjon overfor kommunen.

Kommunen handterer mange einskildsaker og einskildvedtak gjennom året, og totalt sett har *kommunen* eit mangfald av lover, forskrifter og veiledningar å forholde seg til på dei ulike forvaltningsområda (tenesteområda). Generelt er kommunane i Sogn og Fjordane for dårlege til å følge formalkrava i forvaltningslova når det gjeld denne type sakshandsaming, jfr. generelt rapportar frå Fylkesmannen (som er å finne www.fylkesmannen.no (Sogn og Fjordane, på kommune). Kommunen avgjer mange saker som er viktige for den einskilde innbyggjar/ brukar, som t.d. skal få informasjon om adgangen til å klage på eit vedtak. På einskilde områder er Fylkesmannen også tilsynsorgan på dei faglege sidene (f.eks. barnevern, sosial), og Fylkesmannen er også/i tillegg klageinstans på særlovgevinga. Det kan vere aktuelt å sjå på om sakshandsaminga er tilstrekkeleg og i kva grad det er lav oppfylling av interne/eksterne mål på dette felt.

Ein risiko her kan vere knytta til postmottak, journalføring og fordeling av inngåande post/brev, rundskriv, søknader, m.v., til rett teneste og sakshandsamar, og samordning. I ein flat organisasjon med to-nivå-modell, slik Flora kommune er, kan det vere at ein står overfor utfordringar her, utan definerte overordna ansvar for heile tenesteområdet.

Det kan vere grunnlag for å gjennomføre forvaltningsrevisjon som undersøker om sentralt/ lokalt regelverk blir følgd, og i kva grad resultatmåla som er sett, blir nådd.

5. Framlegg til mogleg innhald i årsplan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt

5.1 Kort om planen

Analysa legg opp til ei utvelging av forvaltningsrevisjonsprosjekt basert på risiko. Eit prosjekt blir sett i verk for å bidra til å redusere ein mogleg trussel. Ved ei konkret utvelging av prosjekt, må nytteverdien vurderast i høve til forventta ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforming av eit prosjekt må kontrollutvalet avgrense omfanget av det som skal sjåast nærmare på. I motsatt fall vil revisjonen (eller den som skal gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjektet) stille krav om at ein har adgang til å avgrense temaet. Eit prosjekt skal konkretiserast for å gje kontrollutvalet naudsynte opplysningar for deira kontroll- og tilsynsfunksjon. Antal prosjekt i løpet av eitt år vert naturleg avgrensa i høve ressurstilgang.

Framlegga til tema og område for forvaltningsrevisjonsprosjekt byggjer på overordna analyse. Lista er ikkje prioritert i nummerrekkefølge frå revisjonen si side. Vi meiner lista med aktuelle område og tema for forvaltningsrevisjon kan tene som eit innspel med idèar til den konkrete planen som skal presenterast i kontrollutvalet i Flora og Flora Bystyre.

Det er vår vurdering av dei prosjekt/tema som skal inngå i ei prioriteringsliste om forvaltningsrevisjonsprosjekt, må vere grundige gjennomgangar med *fokus på kvalitetsheving, forenkling, betring av rutinar, produktivitet/effektivitet, og meir rasjonell bruk av ressursar*. Dei dokument som følgjer denne *overordna analyse* vil kunne vere eit godt utgangspunkt for ein prioriteringsdebatt i både kontrollutvalet og bystyret. I høyringa på dette dokument overfor Rådmannen, er han utfordra til å kome med innspel til moglege kontrollområder eller saksfelt som han har meiningar om bør kunne vere aktuelle å sjå på. Dersom han kjem med slik innspel, bør ein ta dei med i det vidare arbeidet. Vi viser i denne samanheng også til Flora kommune sine målformuleringar i årsbudsjetten og økonomi- og handlingsprogram/økonomiplan, og dei siste års årsrekneskap, samt revisjonen og kontrollutvalet sine beretningar og årsmeldingar. Vi viser her spesielt til dei fyldige og solide årsrapportane som årleg er utforma frå rådmannen til kvart års årsrekneskap. Der er mykje nyttig informasjon å byggje vidare på. Vi viser til dei dokumenta som følgjer som prenta vedlegg til denne 'overordna analyse' for Flora kommune.

5.1.1 Selskapskontroll / Eigarskapskontroll :

Avslutningsvis vil vi peike på at denne analysa ikkje tek opp i seg vurderingar om kommunen skal gjennomføre *selskapskontroll* eller *eigarskapskontroll*. Utarbeiding av overordna analyse/forvaltningsrevisjon er eit forholdsvis nytt fagområde for kommunen sine tilsynsorgan, sjølv om regelverket no har vore der i sju år. Kommunane sine kontrollutval er kjende med den samordning som er søkt etablert i høve 'fellestiltak' (felles selskapskontroll for aktuelle eigar/deltakarkommunar).

Det er vår oppfatning at når ein skal vurdere selskapskontroll, bør ein vurdere ei gjennomføring av dette i samarbeid med nærliggande kommunar som har eigarinteresser i same selskap (interkommunale samarbeid, IKS, energiverk, AS, osv. – som kommunen har eigarinter-

esse i, eller er medeigar/deleigar/deltakar i), slik at dette kan bidra til ei kostnadseffektiv gjennomføring av slike kontrollar der dette er aktuelt og ønskeleg frå kommunen si side.

Flora kommune har i skrivande stund ikkje vedteke nokon eigarskapsmelding eller eit eige eigarstrategidokument for kommunen sine eigarskap eller selskap/verksemder som Flora kommune er medeigar eller deltakar i. Vi er kjend med at eit slikt dokument er under arbeid og at det vil bli lagt fram ei slik sak til politisk handsaming våren 2013.

Kommunen skal vedta ein eigen *plan for selskapskontroll*; - parallellt med den ordinære planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Begge skal handsamast gjennom kontrollutvalet, med endeleg vedtak i Flora Bystyre.

Under pkt. 5.2b vedlagt denne rapport, har vi lista opp dei eigarinteresser som Flora kommune har. Lista er ikkje uttømmende, men er delvis innhenta frå administrasjonen og frå Flora kommune si oversikt ('Note') i årsrekneskapen for 2012 (årsrekneskapen avlagt overfor revisjonen den 15.02.13).

5.1.2 Sluttord:

Utarbeidinga av overordna analyse har vore eit omfattande arbeid som byggjer på ei rekke dokument som er styrande for kommuneforvaltinga, samstundes som ein også har søkt å ta omsyn til erfaringsbasen som tilsynsorgana i kommunen innehar, og som er bygt opp over fleire år. Ved rulleringa av analysedokumentet no i 2012/2013, har ein bygt vidare på det materialet som låg til grunn for analysedokumentet i 2008, samstundes som ein har teke omsyn til oppdatert talmateriale, nøkkeltal, årsrapportar, perioderapportar, gjennomførte revisjonar og forvaltningsrevisjonar, samt endringar i organisasjon og leing i kommunen.

Overordna analyse er sendt på høyring hos rådmannen, men av tidsomsyn må dette skje parallellt ved at dette dokument vert oversendt kontrollutvalt i høve møte 01.03.2013. Rådmannen si tilbakemelding vil måtte ligge føre før kontrollutvalet si handsaming, slik at ein får luka bort moglege mistydingar, feil og manglar som måtte vere i dette dokumentet. Vi vil eventuelt måtte omredigere og ajourføre det som blir førelagt kontrollutvalet til realitetshandsaming i møtet.

Det er vår vurdering at det som ligg føre i dette dokument skal kunne vere tilstrekkeleg for eit bakgrunnsmateriale som kan nyttast som grunnlag for prioriteringar i utarbeidinga av ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjonar og kva eventuelle selskap som skal underleggast tilsyn og kontroll frå dei kommunale tilsynsorgana si side framover.

Florø den 21. februar 2013

for KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord



KRYSS REVISJON
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Terje Førde

Oppdragsansvarleg revisor/Revisjonssjef

5.2a Oversikt over mulige kontrollområder som grunnlag for plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i 1401 FLORA kommune

Nr.	Prosjekt	Tema/ vinkling	Nytteverdi	Risikoområde
	Kontrahering av nybygg og nyanlegg	Lov om offentlige anskaffelser Forskrifter om offentlige anskaffelser Etterleving av regelverket	Bidra til å fastslå om kommunen følger gjeldende regelverk på området	Effektivitet/ Produktivitet Økonomistyring
	Innkjøp/ Inngående fakturaer	Kva avtaler/interkommunale innkjøpsavtaler er Kommunen med på – kost-/nytte-vurderingar Fungerer avtalene ogvert dei nytta som føresett	Kontroll av om avtalene vert etterlevd og nytta	
	Kontroll av lønsområdet i kommunen ”All over” eller sektorvis	Vert det utbetalt riktig løn, til riktig tid, for rett periode ? - vert hovedavtalen og tariffavtalen fulgte ? - reiserekingnar, dokumentasjonskrav - etc.	Bidra til å fastslå om kommunen følgjer gjeldande regelverk på området Konstatere at kommunen betaler ut den løn som skal vere, og at den tilsette får den løn arbeidsavtale og tariffavtale krev	Effektivitet/ Produktivitet Økonomistyring
	KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring	Analyse av KOSTRA-data for å finne betydningsfulle avvik. Kva slags avvik inneheld verdifull informasjon og kva for avvik har bakgrunn i systematiske feil? Ei slik analyse kan medføre at åpenbare flaske-halsar/ overkapasitet blir identifisert. Dette er naudsynt informasjon for at kommunen skal kunne justere ressursbruk i høve til kva slags arbeidsoppgåver som skal løysast.	Bidra til meir bruk av KOSTRA- data både i administrasjonen og på politisk nivå. Bidra til å kartlegge korleis ressursar brukast for å løyse oppgåver.	Produktivitet/ økonomistyring

Regionskontor for kommunane:

Øra, Askvoll, Bremanger

Øra kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

	Sjølvkostbe- rekningar VAR-sektoren	Gjennomgang av kommunen sine sjølvkostberekningar for å sikre at prisinga i budsjett er korrekt og at gebyr som vert fakturert brukarane er korrekte. Vert etterkalkulasjon gjennomført og dokumentert i samsvar med Lov, Forkrift og Veileder ?	Bidra til at brukarane betalar ein korrekt pris for tenestene. Kvalitetssikring av egne berekningar for administrasjonen. Synleggjering av evt. subsidiering av tenestene.	Produktivitet
	Kontroll av løns- området Bruk av timelister Midlertidig tilsetting Tilsettingar i deltid- stillingar (%-stillingar)	Vurdere stillingsheimlar, mot bruk av midlertid tilsette og personar på variable timelister Vert lover og forskrifter følgde ? Vert det utbetalt løn i samsvar med tariffavtaler ? Er det fleire personar i arbeid enn det vedtekne stillingsheimlar tilseier – er budsjettet tilstrekkeleg ?	Bidra til å synleggjere at bemanningsplaner vert følgde Bidra til å synleggjere at tariffavtaler vert følgde Klargjering av om administrasjonen følger dei ulike reglement som er vedtekne av politikaane (Kommunestyret)	Produktivitet Økonomistyring At politiske vedtak vert følgde
	Evaluering av NN samarbeid	Evaluerer eit samarbeid som er vedteke og har fungert ei tid. Kva av målsettingane som låg til grunn, er innfridde ? - Deltakinga i Sunnfjord Miljøverk ? - Felles økonomikontor (FØYS) ? - KRYSS Revisjon ? - SEKOM Sekretariat ? - SYS IKT ? - Interkommunalt legevaktsamarbeid ? - NAV ? - Samhandlingsreforma ? - andre ?	Samarbeid mellom kommunar har vore eit svært aktuelt tema den siste tida. Evaluering av eit samarbeid kan gje kommunen viktige erfaringar.	Måloppnåing / Produktivitet

	Tidsriktig rapportering til politisk nivå ?	Er rapporteringa til politisk nivå tilstrekkeleg knytta opp mot konkrete mål ? Kva krav set politikaren ? Er politikaren si forventning klart uttrykt overfor administrasjonen ?	Bidra til klarare politisk kravsspesifika-sjon og tydeleggjering av ansvar for rapportering i einskildsaker. Bidra til at politikaren set klarare krav til administrasjonen Kan bidra til ein ryddigare diskusjon mellom politisk og administrativt nivå.	Måloppnåing
	Budsjettprosess/ fordeling av ressursar	Vurdere dei budsjettprosessar og styringsverktøy som blir bruk for fordeling av midlar i kommunen. Vurdere om det finst andre måtar å fordele budsjettmidlane på.	Bidra til at kommune har ein budsjettprosess som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy.	Økonomistyring
	”Korrekt handsaming av din sak ?”	Kontrollere eit utval av saker (evt. henvendelsar utanfrå) med omsyn til om formalitetsbestemmelsane blir følgde (svar innan rimeleg, tid, sakshandsaming, lovanvendelse, osv.)	Bidra til å sikre ei korrekt sakshandsaming for den einskilde innbyggjar.	Måloppnåing
	Oppfølging av vedtak i Naustdal kommune	Kontrollere oppfølging av vedtak. Fokusere på korleis systemer, ansvarsdeling og andre etablerte kontrolltiltak bidreg til tidsriktig og korrekt iverksetting av vedtak.	Bidra til at administrasjonen får på plass rutiner som sikrar ei korrekt oppfølging av vedtak til rett tid.	Oppfølging av vedtak.
	KOSTRA – til hjelp i planlegging og styring ? (Jfr. eige strekpunkt ovanfor)	Analyse av KOSTRA-data for å finne vesentlege avvik. Kva avvik inneheld verdifull informasjon og kva har sin bakgrunn i systematiske feil ?	Bidra til meir bruk av KOSTRA både i administrasjonen og på politisk nivå. Synleggjere nytten av KOSTRA-data til politisk styring og bidra med råd til korleis politikaren kan analysere tala. Bidra til å kartlegge korleis ressursar blir brukt for å løyse oppgåver. Kva er årsaka til høge/låge utgifter ? - Medveten politisk prioritering ?	Måloppnåing/ Produktivitet/ Økonomistyring

			- Feilføringar ? - Kostnadskrevjande drift ?	
Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordning	Er det dei ulike reglement i samsvar med dagens regelverk og organisasjonsstruktur ? - Økonomireglement ? - Finansforvaltningsreglement ? - Byggjerekneskap/Prosjektrekneskap ? - Delegasjonsreglement ? - Tilsettings-/arbeidsreglement ? - Personalreglement ? - Søknadshandsamingar ? Vert vedtekne reglement følgde ?	Bidra til å kartlegge kva faktorar som er vesentlege for ei stabil drift Klargjering av om administrasjonen følger dei ulike reglement som er vedtekne av politikarane (Kommunestyret)	Måloppnåing Produktivitet Effektivitet	
Sjukefråværet – årsak og samanhengar	Korleis har utviklinga i sjukefråværet vore dei siste åra ? Kva åpenbare forhold forklarar utviklinga ? Varierer sjukefråværet vesentleg internt i kommunen, og kva er eventuelt grunnen til dette ?	Bidra til å kartlegge kva faktorar som Påverkar nivået på sjukefråværet.	Måloppnåing Produktivitet	
Økonomistyring	Korleis skjer pengestraumane inn/ut av kommunen ? Kva rutiner er etablert i eigenbetalinga - for barnehagebetaling - for heimhjelpsbetalinga - for pensjonærbetalinga - for kommunale avgifter - (for eigedomsskattar ?) - for tekniske avgifter, gebyr, m.v. - for oppgjør av tomtesalg, skjøte, m.v. - innkjøp og slag av mat til eldre og uføre	Bidra til at kommune har styringskriteria som gjev administrasjonen eit realistisk og best mogleg styringsverktøy i heile organisasjonsapparatet.	Økonomistyring Intern kvalitetssikring Hindre mislegheiter og irregulære forhold Klargjering av ansvarsforhold og myndigheit på ulike nivå i organisasjonen	

..økonomistyring ... Samhandlingar mellom tenesta med ansvar for grunnlagsdata og økonomi-/rekneskapsavdelinga - innkrevingsrutinane	- renter og avdrag på utlån, m.v. - sikring av uteståande krav - tap på fordringar, rutiner, saldi-gjennomgangar ? Kva rutiner er etablert i fakturaflyten (innkjøp) ? - rekvisisjon av varer og tenester - (offentlege anskaffelsar, regelverket følgd) - fullmakter - kven har myndigheit til kva - attestasjonsfullmakter/tilvisingsfullmakter - (fakturaflyten frå mottak til utkvittering i reskontrosystemet) - (signaturprøver, ajourhold) Økonomireglement / Delegasjonsreglement Vert desse reglementa følgde ? Arbeidsinstruksar /Stillingsinstrukar – fins det ? Arbeidsdeling, beskriving/dokumentasjon av ansvardeling, m.v. – Finst dette dokumentert ? Momskompensasjonsordninga Bokfører kommunen dette korrekt, får kommunen refundert den meirverdiavgifta den skal ha - heri kommunale føretak VAR-sektoren: Føretekkommunen den etterkalkulasjon som skal gjerast – avsetning 'overskot' Særleg ressurskrevjande brukarar – Rapporterer kommunen korrekte økonomi- og tenestedata på dette området, slik at kommunen får dei tilskots-midlar som kommunen rettmessig har krav på – taper kommunen eventuelt pengar her ?	
--	--	--

		Rapportering av ferdigstilte byggjerekneskap		
		- Skjer rapporteringa i samsvar med kommunen sitt Økonomireglement - Er oppfølginga av framdrifta i byggjeprosjekt i samsvar med dei rutiner som skal vere - Prosjektkomiteen - avviksrapportering og søknader om tilleggsføringar osv.		
EXTENS (sku/barnh)	☐	☐			
FAMILIA (barnev)	☐	☐			
VELFERD (sosial)	☐	☐			
HK-DATA (ppt)	☐	☐			
COSDOC (omsorg)	Vanleg tilgang				
	Ekstra tilgang				
	Årsak tilgang				

Andre opplysningar: _____

Eg har gjort meg kjend med reglane for brukarane av datasytema til Flora kommune som er trykte på baksida av dette arket.

Dato - Den tilsette _____

Tilsette har vist legitimasjon eller er kjend :

Tenesteleiar Dato _____

Dato - Programeigar _____

Personalsjef _____

Etablering av interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving.

Vedlegg

1. Rapport *Delprosjekt forebygging* - miljøretta helsevern, smittevern og folkehelse.

BAKGRUNN FOR SAKA

For å nå målsettingane i St.meld. nr 47 (2008-2009) "Samhandlingsreforma – Rett behandling – på rett stad til rett tid", vart det i 2009 etablert eit interkommunalt prosjektsamarbeid mellom kommunane i SIS (Jølster, Naustdal, Førde, Gaular og Flora), HAFS-regionen (Fjaler, Hyllestad, Askvoll og Solund) og Balestrand, Høyanger og Bremanger. Kommunane utgjer om lag 50 000 innbyggjarar, fordelt på eit relativt stort geografisk område.

Prosjektet er organisert slik:

Organ	Kven deltek
Styringsgruppe	• Ordførarane i dei samarbeidande kommunane • Helse Førde v/ samhandlingssjef • Brukar- og tilsetteorganisasjonar.
Prosjektgruppe	• Arve Helle, ordførar Fjaler kommune • Håkon Myrvang, ordførar Naustdal kommune • Håkon Finland, kommunalsjef Førde kommune • Jan Helge Dale, kommuneoverlege Flora kommune • Kjell Idar Dvergsdal, helse- og sosialsjef Gaular kommune • Arvid Eide, leiande fysioterapeut Fjaler kommune • Arve Varden, rådmann Høyanger kommune • Randi Ytrehus, kommunalsjef Bremanger kommune • Vidar Roseth, samhandlingssjef Helse Førde ----- • Prosjektmedarbeidarane Elisabeth Aven, Magni Håvardstun og Øystein Høyvik.

Prosjektet set fokus på fagområda koordinering, forebygging og rehabilitering, og det er utarbeidd delprosjekt for kvart av fagområda. Det er arbeidd med å informere og rettleie kommunane om utfordringar knytt til samhandlingsreforma og nytt lovverk.

Denne saka gjeld for *delprosjekt forebygging*. Det er kartlagt status for arbeid med miljøretta helsevern, smittevern og folkehelse i kommunane, jf *Rapport Delprosjekt forebygging*. På bakgrunn av kartlegginga, tilrår prosjektgruppa ei ny interkommunal organisering av fagfelta.

Lovverk

Samhandlingsreforma og ny Folkehelselov (LOF) stiller større og tydlegare krav til kommunane om å setje fokus på det kommunale forebyggande helsearbeidet (m.a. miljøretta helsevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving), og kommunane må organisatorisk ruste seg til å ta ansvar for det dette.

Kommunane skal ha nødvendig samfunnsmedisinsk kompetanse (LOF §27), og tilsetje legar som er samfunnsmedisinske rådgjevarar, med arbeidsoppgåver som t.d. helseovervaking,

miljøretta helsevern og smittevern. Samfunnsmedisinsk rådgjevar vert ein viktig premissleverandør i det å bidra med kunnskap om kommunale helseforhold inn i kommunale budsjett-, plan- og vedtaksprosessar, og vil ha ei sentral rolle i dialog med fastlegene.

I følgje Smittevernlova (LVSS) § 7, skal kommunestyret utpeike ein kommuneoverlege som har ansvar for smittevern, eller delegere ansvar for smittevern til ein lege i eit interkommunalt organ/evt. i ein anna kommune.

Den store utfordringa til kommunane generelt er å sikre seg tilstrekkeleg samfunnsmedisinsk kompetanse. Kommunar kan difor samarbeide med andre kommunar om tilsetjing av samfunnsmedisinsk rådgjevar, t.d. i eit interkommunalt samarbeid som det vert tilrådd i denne saka (Kommunelova (LOKF) §28).

Kort oppsummering av kartlegging, jf. Rapport Delprosjekt førebygging.

Ressursbruken på fagområda er marginal og fragmentert, grunna fagpersonane har små stillingsbrøkar kombinert med andre stillingar. Det er òg vanskeleg å tenkje overordna strukturar og system og å arbeide tverrfagleg og tverrsektorielt, når stillingane er organiserte i driftseiningar.

Kommunane løyser driftsoppgåver som ligg til teknisk etat på god måte (t.d. vatn, avløp). Oppgåver som ligg under helsetenesta, vert løyst meir ulikt. Dei områda flest kommunar seier dei ikkje har gode system for er; helseovervaking og planarbeid, klima, stråling, støy, luft og fukt, informasjon og publikumssaker og sosiale miljøfaktorar.

Kommunane melder at dei ønskjer hjelp og samarbeid om oppgåver som; overordna system- og metodeutvikling, planarbeid, kompetanse- og personalressursar, helseovervaking med felles smittevernlege og utvikling av kommunale lærings- og meistringstilbod.

PROSJEKTGRUPPA SI TILRÅDING TIL STYRINGSGRUPPA, MØTE 20.04.12

På bakgrunn av kartlegging av fagfelta, faglege og økonomiske vurderingar, så tilrår prosjektgruppa at:

- Samarbeidskommunane bygger opp eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving.
 - Dimensjonering: Eitt årsverk samfunnsmedisinsk rådgjevar (lege) med smittevernskompetanse, og tre årsverk med 3-4-årig fagutdanning innan helse, miljøhygiene, ingeniør, planarbeid, m.m. (Befolkningsgrunnlag: 50 000)
 - Lokalisering: Flora kommune vert tilrådd som vertskommune, fordi oppbygging av eit godt fagmiljø bør prioriterast. (Kartlegginga syner at Flora kommune er den kommunen som har best system på fagområda.)
 - Organisering: Det interkommunale samarbeidet blir organisert på rådmannsnivå i vertskommunen (Flora) grunna dei overordna arbeidsoppgåvene.
 - Delegering: Kommunane delegerer ansvar for miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving til det interkommunale samarbeidet.
- I tillegg tilrår prosjektgruppa at alle kommunane nyttar seg av fylkeskommunen sitt system og fagnettverk for «Partnerskap for folkehelse», men dette må det lagast eiga sak på.

Økonomi

Prosjektgruppa tilrår ein betalingsmodell med slik fordeling;

- 50% likt mellom kommunane og 50% etter folketal.

Mange av arbeidsoppgåvene i det tilrådde *interkommunale samarbeidet om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving* vil ha ein overordna karakter, t.d. system- og metodeutvikling, planarbeid og samfunnsmedisinsk rådgjeving, som vil vere like ressurskrevjande om kommunen er liten eller stor.

Eit grovt kostnadsoverslag over lønsmidlar og driftsutgifter syner at eit interkommunalt samarbeidet vil ligge på om lag kr 3 mill. årleg. Summen (3 mill.) er ikkje endeleg, og vil bli regulert etter lønns- og kostnadsutvikling, folketal og vedteke budsjett. Det er prinsippa rundt ein kostnadsfordelingsmodell det er viktig å bli einige om.

Eksempel: For 2012 ville ei kostnadsfordelinga mellom kommunane, utan Balestrand, vore om lag slik:

Kommune	Folketal 2012	50% likt fordelt mellom kommunane	50% etter folketal	Totalt
1401 Flora	11654	136 364,-	361 274,-	497 638,-
1412 Solund	851	136 364,-	26 381,-	162 745,-
1413 Hyllestad	1461	136 364,-	45 291,-	181 655,-
1416 Høyanger	4216	136 364,-	130 696,-	267 060,-
1428 Askvoll	3010	136 364,-	93 310,-	229 674,-
1429 Fjaler	2832	136 364,-	87 792,-	224 156,-
1430 Gaular	2848	136 364,-	88 288,-	224 652,-
1431 Jølster	3052	136 364,-	94 612,-	230 976,-
1432 Førde	12307	136 364,-	381 517,-	517 881,-
1433 Naustdal	2710	136 364,-	84 010,-	220 374,-
1438 Bremanger	3891	136 364,-	120 621,-	256 985,-
Totalt	48832	1 500 004,-	1 513 792,-	3 013 796,-

Framdrift

Dersom alle kommunane vel å gå inn for denne tilrådinga ser ein føre seg slik framdrift:

- Alle kommunale vedtak om samarbeid på plass innan sommaren 2012.
- Oppstart av *Interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving* 01.01. 2013.

Samarbeidsavtale vert utarbeidd når kommunane har gjort vedtak om kommunal deltaking, vertskommune, og kostnadsmodell.

Ein må rekne med ei viss forskyving av framdriftsplanen, dersom nokre av kommunane vel å ikkje vere med. Ein må då vurdere ulike alternativ i høve dimensjonering av eit samarbeid sett i høve dei kommunane som ønskjer å vere med.

VEDTAK GJORT AV STYRINGSGRUPPA I MØTE 20.04.12

«Representant frå Balestrand kommune gav tilbakemelding om at dei vil halde fram i etablert samarbeid i Sogn, og derfor ikkje vil inngå i samarbeid som skissert i utsendt saksutgreiing.

« Dei resterande styringsgruppemedlemmane gav si tilslutting til saksutgreiinga slik den ligg føre, men ber prosjektgruppa gjere ny vurdering om det kan vere aktuelt å foreslå annan fordelingsnøkkel i høve økonomi. »

NY HANDSAMING I PROSJEKTGRUPPA

I tråd med vedtak gjort av styringsgruppa, har prosjektgruppa på ny vurdert føreslegen fordelingsnøkkel med 50-50-fordeling. Prosjektgruppa konkluderer med dette at føreslegen modell er den som på ein best måte tek opp i seg dei ulike faktorane som bør inngå.

Prosjektgruppa ser samstundes at det kan vere behov for ei meir overordna og prinsipiell drøfting knytt til økonomisk fordeling i interkommunale prosjekt, og vil derfor oppmode regionråda i SIS og HAFS samt Rådmannsutvalet i KS om gjere dette.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Rådmannen vurderer det viktig at kommunen støttar opp om interkommunalt samhandlingsprosjekt sitt forslag til *interkommunalt samarbeid på dei førebyggjande fagområda; miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving*, for å nå målsettingane kommunen blir stilt overfor i Samhandlingsreforma og ny Folkehelselov.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. kommune vert ein av samarbeidskommunane i *interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving*, jf. saksutgreiing
2. kommune delegerer (jf. eige kommunalt delegeringsreglement) med dette ansvar for miljøretta helsevern (jf. LOF §9), smittevern (jf. LVSS §7) og samfunnsmedisinsk rådgjeving (jf. LOF §27) til det interkommunale samarbeidet med Flora kommune som vertskommune (jf. LOKF §28), jf. saksutgreiing.
3. Rådmannen kjem tilbake med ny sak i høve finansiering av samarbeidet.

Flora kommune
v/Rådmannen
6900 Flora

Dykkar ref.:

Vår ref.:

\\årsavslutning2012/tv13

Arkivkode:

216

Journalnr.:

004 / 2013

Dokumentdato:

10. januar 2013

AVSLUTNING AV ÅRSREKNESKAPEN FOR ÅR 2012

Vi nærmar oss raskt fristen for rekneskapsavlegginga for 2012, 15. februar 2013, og i den samanheng vil revisjonen allereie no minne om at *kommunen* skal avlegge årsrekneskapen for år 2012 til *kommunerevisjonen* innan den frist som er sett i forskriftene § 10; dvs. innan den 15.02.13.

Vi ber om at årsrekneskapen vert *oversendt* KRYSS Revisjon så snart den ligg føre. Samband med oversending av den ferdigstilte årsrekneskapen ønskjer vi å innhente eigen uttale frå kommuneleiinga. Vi ber såleis om at det vert utferdiga ei eigen *fullstendighetserklæring* (eit eksempel brev følger vedlagt her) der det vert bekrefta at rekneskapen er *endeleg* avlagt, at den er *fullstendig og avstemt*, og at den *ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar*. I erklæringa til årsrekneskapen er det viktig at det blir gjeve opplysningar om andre vesentlege forhold som revisor bør ha med seg inn i det avsluttande revisjonsarbeidet for året. Vi viser til eksempel malen på ei slik erklæring (*vedlegg 1*).

Revisjonen vil legge *mottaksdato* til grunn for eigen frist for oversending av revidert årsrekneskap til *Kontrollutvalet*, og vidare handsaming til *formannskapet* og *kommunestyret*.

Etter økonomibestemmelsane er periodiseringsfristen **31.12.** Vi minner her om at det er *anordningsprinsippet* som skal vere gjeldande, og i den samanheng viser vi også til at *bokføringslova* sine bestemmelsar no også eg gjeldande for kommunerekneskapen. Som ei hjelp i arbeidet med å etterleve *dokumentasjonskrava* i bokføringslova, og dei kommunale økonomibestemmelsar forøvrig, har vi laga til eit samandrag kring dette, og dette legg vi ved som vedlegg (*vedlegg 2*) til dette skriv.

Vi minner elles om dei krav som er stilt til kommunen si årsmelding/årsrapport (rekneskapsforskrifta § 10) og til dei notekrav som er stilt til rekneskapspresentasjon. Forskriftene sin frist for levering av årsmeldinga/årsrapporten for 2012 er **31. mars 2013**.

Revisor skal stile revisjonsberetninga si til kommunestyret/bystyret v/ordføraren. Kopi går til *Kontrollutvalet* som skal handsame årsrekneskapen og revisjonsberetninga og skal kome med *uttale, og/eller eventuelle desisjonsforslag*, til årsrekneskapen til kommunestyret/bystyret *før* formannskapet gjev si *innstilling* i rekneskapsaka.

Forskriftene stiller krav om at *formannskapet* si *innstilling* overfor kommunestyret må innehalde *framlegg til bruk av overskot* eller *dekningsmåte for inndekking av underskot*. Innstillinga bør også innehalde korleis meirforbruk i kapitaldelen (investeringsrekneskapen) skal finansierast/budsjettmessig inndekkast.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Flora
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Årsrekneskapen skal vere datert og underteikna av *rekneskapsansvarleg* og *administrasjonssjefen* (rådmannen), og *oppdragsansvarleg revisor* skal ved si påskrift referere til dato for tilhøyrande revisjonsmelding/-beretning.

Det kan oppstå situasjonar der administrasjonen sjølv eller revisor finn feil og manglar i den avlagde rekneskap, som ein i samråd med revisor velger å få retta opp. Dersom det av ulike årsaker blir føreteke endringar i rekneskapen etter at den er oversendt til revisor, skal det framleggast nytt rekneskap, med ny dato og nye underskrifter. Det må vere eit mål å ha minst mogleg med variantar av ein avlagd rekneskap, derfor bør det tilstrebast å ha ein mest mogleg korrekt, riktig og fullstendig rekneskap, med korrekte oversikter og rekneskapsutgreiingar når årsrekneskapen blir oversendt revisor.

Frå 2010 kom det endringar i revisjonsstandardene som gjer at revisor utformer ei revisjonsberetning til årsrekneskapen etter ein ny norm i forhold til tidlegare. Vi avgav revisjonsberetninga til årsrekneskapen for 2011 etter dei nye standardkrava og det same vil skje for 2012. Dette er økonomisjefane/rekneskaps-sjefane kjende med frå kurs; jfr. bl.a. økonominettverkssamlingane i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi vil minne kommunane om at revisor etter det nye regelregimet no er forplikta til å skrive *negativ revisjonsberetning* pr. 15.04.12, dersom rekneskap og årsmelding/årsrapport ikkje ligg føre innan forskriftsfristane. Det er også strenge krav til dokumentasjon av balanseverdiane. Vi minner elles om at dokumentasjon på avstemd rekneskap også skal leggjast fram for revisor. Vi ber derfor om at kommunen tilstreber å halde fristen for rekneskapsavlegginga og fristen for årsmeldinga.

Vi ser fram til eit konstruktivt samarbeid i det føreståande arbeidet med årsoppgjeret for 2012, og vonar administrasjonen legg opp rutiner som sikrar at økonomibestemmelsane, og dei fristar som er sett, skal kunne overhaldast.

Vi ønskjer administrasjonen lukke til med det føreståande rekneskapsarbeidet kring årsoppgjeret for 2012.

Florø den 10. januar 2013
Med helsing

Trine Vokuhl
Kommunerevisor I

Vedlegg:

Eksempel på *fullstendighetserklæring* til årsrekneskapen for 2012
Revisjonsnotat 05.01.12: '*Dokumentasjonskrav i bokføringslova*'

Kopi til: Ordførar
Økonomi v/Linda Asphjell og rekneskapssjef Ruth S. Sunde
Kontrollutvalet

Vedlegg nr. 1:**Eksempel/mal for fullstendighetserklæring til årsrekneskapen 2012**

Til
KRYSS Revisjon
Strandgt 43
6900 Flora

**FULLSTENDIGHETSERKLÆRING VEDK. FLORA KOMMUNE SIN
ÅRSREKNESKAP FOR 2012**

Vedlagt oversender vi endeleg, fullstendig og avstemt årsrekneskap m/vedlegg for kommunen for driftsåret 2012.

I tilknytning til kommunen si rekneskapsavlegging for 2012 bekrefter vi hermed følgjande, etter beste skjønn og overbevisning:

- Etter det vi kjenner til inneheld årsrekneskapen alle opplysningar om kjende økonomiske forpliktelser av betydning – både påløpne og betinga.
- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktelser for kommunen utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Alle vesentlege garantiforpliktelser for kommunen ved utgangen av rekneskapsåret er medteke i oversikta over garantiforpliktelser pr. 31.12.
- Så langt administrasjonen kjenner til har kommunen eigedommsrett til alle eigendelar oppført i balansen. Eigendelane var i kommunen si varetekt pr. 31.12. og var ikkje stilla som sikkerheit utover det som går fram av årsrekneskapen.
- Vi kjenner ikkje til at kommunen har brote avtaler eller offentlege påbod på ein måte som kan påføre kommunen vesentlege økonomiske forpliktelser.
- Vi kjenner ikkje til at det er inntrufne hendingar etter utløpet av rekneskapsåret av vesentleg betydning for årsrekneskapen, utover det som fram går av dette.
- Vi har ikkje opplysningar om mislegheitar eller andre uregelmessigheiter av vesentleg betydning for årsrekneskapen som ikkje er kome til uttrykk i dette.
- Vi er kjende med vårt ansvar for å iverksette hensiktsmessige rekneskapsrutinar og kontrolltiltak for å forhindre og å avdekke mislegheiter og feil.
- Vi meiner at i den grad revisor har avdekka feil og manglar i årsrekneskapen som ikkje seinare er retta opp, dreier dette seg om forhold som både einskildvis og samla er uvesentlege for årsrekneskapen som heilheit. Vedlagt følgjer ei oppsummering av korleis slik ikkje-korrigert feilinformasjon virkar inn på årsrekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle viktige fakta vedkomande eventuelle mislegheiter eller mistankar om mislegheiter som kommuneleiinga er kjend med og som kan ha påverka kommunen.

- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultata av våre vurderinger av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følgje av misligheiter.

((ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov))

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over (evt henvisningar til kommentarar i særskilt vedlegg); jfr. elles det som er nemnt i årsmeldinga/årsrapporten som vil følgje rekneskapssaka:

(Stad, dato)

(Administrasjonssjef/Rådmann) **(Økonomiansvarleg/rekneskapssjef)**

Vedlegg. Nr. 2**Revisjonsnotat 05.01.12;****Samandrag av 'Dokumentasjonskrav bokføringslova' – årsrekneskapen 2011**

Lova § 11 – Dokumentasjon av balanse (gjeld generelt)

- ☞ Ved utarbeiding av årsrekneskap *skal* det ligge føre dokumentasjon for *alle balanseposter med mindre dei er ubetydelege.*

Forskrift om bokføring:

§ 6-1 Varelager – i all hovudsak ikkje aktuelt for kommunal sektor

§ 6-2 Dokumentasjon av *bankinnskott, lånegjeld, kontantar*, o.l.

- ☞ Det skal ligge føre oppgåve frå finanseringsinstitusjon (bank, mv.)

NB! Bruk årsoppgåvene til kommunen for *fullstendighet!*

> FAU, Elevråd, Klassekonti, osv., vurder vesentlegheit ifht å ta inn mot bunde fond)

> **Kontantkasser** – opptald ved årets slutt, datert, signert og evt differanser forklart!§ 6-3 Dokumentasjon av *finansielle instrument*

- ☞ Oppgåve frå VPS

§ 6-4 Dokumentasjon av *avsetningar*, nedskrivingar, mv.

- ☞ Skriftlegheit av vurderingar, berekningsmetodar og føresetnader.

Kunde- og leverandørreskontro:

- ☞ Aldersordelt saldoliste pr. 31.12.; verdi- og tapsvurdert – kva skal evt førast bort som tapt

Andre fordringar, kortsiktig gjeld og interimskonti

- ☞ Beløpa skal vere dokumentert med henvisning til bilag og det er ein fordel at vesentlege bilag er kopiert og lagt ved som dokumentasjon på bokført balanseverdi!

Anleggsmidlar (NB ! Ikkje krav om at inngåande fakturaer må leggest til eige arkiv), men:

- ☞ **Årets tilgang:** jfr. balansen skal vere dokumentert med **klar samanheng** frå

Balansen på avskrivingsgrupper; jf. § 8 – **Anleggsregisteret** med avskrivingsgrupper og funksjonar – til **Investeringsrekneskapet** på avskrivingsgrupper og funksjonar (som gjev bilagshenvisning)

> Sum investeringsutgifter = Sum aktiviering i balansen !!

- ☞ **Årets avgang** i balansen med klar samanheng frå balansen – anleggsregisteret – investeringsrekneskapen

> NB ! Nedskriving utan salg framgår ikkje av investeringsrekneskapen, men skal dokumenterast med bilag

- ☞ **Avskrivningar;** jfr. anleggsmodul

> Påsjå at avskrivningar blir gjennomført korrekt (tilstrekkeleg avskrivningar, årets investeringar avskrivast normalt ikkje og då heller ikkje anskaffelsar over fleire år **før** ferdigstilt/teke i bruk**Omløpsaksjar skal nedskrivast; jfr. lavaste verdi's prinsipp, anleggsaksjar berre ved varig verdinedgang.****Hvis administrasjonen (rådmannen) meiner at verdipapirer bør (om-) klassifiserast som/til anleggsmidlar for å sleppe årleg nedskriving, husk då at :****Finansielle omløpsmidlar og – anleggsmidlar** (Forskjell/skilnad frå privat rekneskap !!!)

- ☞ Anleggsaksjar skal finansierast ved anskaffelsen (evnt. ved omklassifisering) !!! (NB!)

- ☞ Omløpsaksjar skal ikkje finansierast ved anskaffelsen !!!!

Vurdering av om aksjar er anleggsaksjar eller omløpsaksjar:

- ☞ Mest interessant ved anskaffelsen ifht finansiering
- ☞ Evtnt klassifisering av verdipapirer til anleggsmildar må:
 - >Finansierast fullt ut i investeringsrekneskapen utan bruk av lånemidlar og NB!!!:
 - >Salg av Anleggsmidlar er investeringsinntekt i fht gevinst ved salg av omløpsmidlar som vil vere driftsinntekter !!!

Bundne fondsmidlar:

- ☞ Skal vere dokumentert med bestemmelsen som gjer at midlane er bundne !
- ☞ All avsetning til og bruk av bundne fond skal vere dokumentert; dvs. at dette faktisk er korrekt at beløpet skal til/frå eit bunde fond
- ☞ Status pr. 31.12.:
 - >Skriftleg vurdering av om fondet faktisk er eit bunde fond pr. 31.12.
 - >Skal „bundne“ fondsmidlar returnerast til (tilskots-) gjevar eller omklassifiserast ?
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får rydda opp her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Disposisjonsfond / Frie fondsmidlar:

- ☞ Er merka disposisjonsfond utgått; dvs. bør die tilbakeførast til generelt Disposisjonsfond ?
- ☞ Ubrukte midlar frå drifts- (års-) budsjettet 2011 kan ikkje automatisk avsettast til Disposisjonsfond med 'merkelapp' !
- ☞ Bruk av "merka" disposisjonsfond krev normalt budsjettvedtak; eventuelt delegert fullmakt frå Kommunestyret/Bystyret
 - >> Ta ein gjennomgang på dette slik at ein evt får gjort dette korrekt her !
(i dialog/kommunikasjon med revisjonen ? – revisjonen bør vere orientert)

Rekneskapsføring av avdrag på lån; jfr. KRS nr. 2, pkt. 3.2 og 3.3

- ☞ **Alle betalte avdrag** på lån skal som hovudregel utgiftsførast i driftsrekneskapen
 - >Ikkje lenger noko skiulle på ekstraordinære og ordinære avdrag ifht rekneskapsføring
- ☞ **Driftsrekneskapen skal minimum belastast** med avdragsutgift
tilsvarande minimumsavdrag.
- ☞ **Avdrag**; ut over minimumsavdrag, **finansiert med investeringsinntekter** (ekskl. overføringar frå driftsrekneskapen og bruk av disposisjonsfond) **skal** rekneskapsførast (utgift) i investeringsrekneskapen
- ☞ **Refinansiering av lån; jfr. pkt. 3.5**
 - >Det er stilt krav om at innfriing av gamal gjeld (lån) og opptak av ny gjeld (refinansiering) har ein **samanheng**, samtidigheit og må vere innafor same år !

Minimumsavdrag

KRS nr 3 inneheld ikkje reglar for korleis minste tillate avdrag (minimumsavdrag) skal bereknast, men KRD (Kommunal og Regionaldepartementet) har gjeve to metoder; jfr. svarbrev av 25.09.2007 frå KRD til NKRF (Norges Kommunerevisorforbund).

- ☞ **Kommunelova § 50, nr. 7**
 - >Gjenstående løpetid for kommunane si samla gjeldsbyrde kan ikkje overstige den veide levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved siste årsskifte.
 - >Omfattar all langsiktig gjeld og alle anleggsmidlar (Jfr. KL § 50, nr. 1 og 2)
- ☞ **Kommunen må gjere greie for korleis kravet til minimumsavdrag er Etterlevd og dokumentere dette som vedlegg til rekneskapen.**
 - >Når det gjeld metodane, *forenkla modell* og *reknearkmodellen*, så vert det vist til KRD-brev av 25.09.2007.



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato
26.09.2012
Dykkar dato
14.09.2012

Vår referanse
2012/1380 - 331.1
Dykkar referanse

Flora kommune
Markegata 51
6900 Florø

Flora kommune – revidert budsjett og økonomirapport per august 2012

Flora bystyre har i møta 12. juni og 4. september, sakene 107/12 og 124/12, handsama og vedteke revidert budsjett 2012. Flora formannskap har i møtet 11. september, sak 87/12, handsama og gjort vedtak for økonomirapport januar – august 2012.

Bakgrunn

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Kommunar som er innmeldt som følgje av at underskot i rekneskapen blir dekt over meir enn to år, skal vedta ein forpliktande plan for inndekning av underskotet.

Flora bystyre vedtok i økonomiplanen 2011 – 2014 å dekkje inn underskotet frå 2009 og 2010 over tre år, fordelt på 3,5 mill. kroner i 2011, 4 mill. kroner i 2012 og 10,8 mill. kroner i 2013. Inndekninga i 2011 vart på 2,3 mill. kroner, etter at kommunen fekk 1 mill. kroner i ekstra skjønnsmidlar. I økonomiplanen for 2012 – 2015 vedtok bystyret ein revidert plan for inndekning av resterande underskot til 10,7 mill. kroner i 2012 og 5,3 mill. kroner i 2013. Ny endring av gjort i vedtaket til bystyret for revidert budsjett 2012 med 5,2 mill. kroner i 2012, 8,4 mill. kroner i 2013 og 2,4 mill. kroner i 2014. Siste økonomirapport for perioden januar – august har prognose for ei inndekning på 3,2 mill. kroner i 2012.

Skjønnsmidlar knytt til økonomisk ubalanse

Etter retningslinjer frå Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) kan Fylkesmannen tildele skjønnsmidlar til kommunar som er i økonomisk ubalanse. Ei slik tildeling av skjønnsmidlar skal alltid knytast opp til ein forpliktande plan for å kome i økonomisk balanse. Fylkesmannen skal følgje opp at planen blir gjennomført, gjerne ved bruk av tilstands- og statusrapporteringar. Fylkesmannen har moglegheit til å halde tilbake midlar, eventuelt gradvis utbetale skjønn dersom kommunen ikkje følgjer vedteken plan. Kommunar som ikkje set i verk tiltak for rette opp att økonomisk balanse, kan heller ikkje få tildelt skjønnsmidlar med årsak i kommunen sin økonomiske situasjon.

Fylkesmannen har planlagt å tildele kommunen skjønnsmidlar knytt til inndekning av underskotet, jf. brev til kommunen av 30.09.2011. Etter fastsette føresetnader kan det gjevast skjønnsmidlar på inntil 50 % av det som kommunen sjølv årleg dekkjer av underskotet. Utgangspunktet for ekstra skjønnsmidlar var planen for inndekning som vart vedteken i økonomiplanen 2011 – 2014.

Vurdering

Etter opphavleg plan skal Flora kommune innan 2012 ha dekt inn 7,5 mill. kroner av akkumulert underskot frå 2009 og 2010 på til saman 18,3 mill. kroner. I tillegg kjem

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6900 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

planlagde skjønnsmidlar på 3,750 mill. kroner. For å gjennomføre opphavleg plan for inndecking med 50 % skjønnsmidlar, må kommunen sin del av inndeckninga i 2012 vere minimum 6,2 mill. kroner. Skjønnsmidlar i 2012 blir då 2,750 mill. kroner. Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen forventa inndecking med budsjettbalanse innan 15. oktober.

Med bakgrunn i siste økonomirapport for perioden januar – august 2012, ønskjer vi eit møte der kommunen orienterer om status og gjennomføring av tiltak for å oppnå inndecking etter opphavleg plan.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Kopi pr. e-post: kryss@forde.kommune



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Kåre Træen
Telefon: 57643004
E-post: fmsfkr@fylkesmannen.no

Vår dato
19.03.2012
Dykkar dato
16.01.2012

Vår referanse
2012/1380 - 331.1
Dykkar referanse

Flora kommune
Markegata 51
6900 Florø

Flora kommune – godkjenning av budsjett 2012 og økonomiplan 2012 – 2015

Flora bystyre har i møtet den 13.12.2011, sak nr. 149/11, handsama og vedteke budsjett for 2012 og økonomiplan 2012 – 2015.

Kommunen er innmeldt i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning). Fylkesmannen skal derfor føre kontroll og godkjenne budsjett, økonomiplan og låneopptak.

Budsjett 2012 og økonomiplan 2012 – 2015 er godkjent.

Låneopptak på 100,2 mill. kroner for 2012 er godkjent.

Skatteinntekter/rammetilskot – frie inntekter

Kommunen har budsjettert med skatt på inntekt og formue og rammetilskot på samla 553,8 mill. kroner. I budsjettet har kommunen teke utgangspunkt i folketal 01.07.2011 for rammetilskotet og 01.01.2011 for skatteinntekter og inntektsutjamninga. Vedteke statsbudsjett for 2012 har ei forventa inntekt på skatt og rammetilskot til kommunen på 552,7 mill. kroner. Auken på 1,1 mill. kroner er grunngjeve med at styrking av ressursar til kontrolltiltak vil betre skatteinngangen.

Siste prognosemodellen til Kommunenes Sentralforbund (KS) med grunnlag i nye folketal per 01.01.2012 for skatteinntekter med inntektsutjamning, gjev ei forventa frie inntekter for kommunen på 549,2 mill. kroner. Differansen mot kommunen sitt budsjett er etter dette – 4,6 mill. kroner. Årsaka til dette er at folketallet i kommunen har utvikla seg svakare i 2011 samanlikna med landet. Kommunen auka med 0,6 % (66 personar), mot landet 1,3 %. I tillegg kjem det som er nemnt med forventa auka skatteinntekt som følgje av betre kontrolltiltak.

Fylkesmannen sin kommentar

Skatteinntekter og rammetilskot er budsjettert i samsvar med statsbudsjettet for 2012, med tillegg av lokal auke på 1,1 mill. kroner. Siste prognosen til KS har folketal per 01.01.2012 som grunnlag for skatteberekningar, medan kommunen har som i statsbudsjettet brukt folketal per 01.01.2011. Med svakare utvikling i folketallet enn landet, vil det bety ein netto reduksjon i prognose for skatteinntekter og inntektsutjamning i 2012 på 3,5 mill. kroner. Etter at revidert nasjonalbudsjett 2012 er framlagt, må kommunen revidere rammetilskotet og skatteinntektene på formue og inntekt.

Driftsresultat og balanse

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Kommunen har i 2012 budsjettert med eit netto driftsresultat på 15,1 mill. kroner, som er 1,8 % av driftsinntektene.

Årslønsveksten er budsjettert med 15,5 mill. kroner, 3,6 %. Statsbudsjettet har lagt til grunn ein vekst på 4 %, og differansen utgjer for kommunen 2 mill. kroner. Med unntak for særlege avtalar, er det ikkje lagt inn prisvekst frå 2011 til 2012.

Etter at kommunen nedbetalte 81,6 mill. kroner av lånegjelda i 2011, er det etter nye låneopptak i 2012 budsjettert med ei auke i renteutgifter på kr 400 000. Grunnlag for dette er gjeldande vilkår og ei rente for refinansiering på 3 %. I salderinga er renteutgifter redusert med 2,3 mill. kroner ved omgjerung av ei rentebytteavtale og at eit lån med fast rente går over til flytande rente til betre vilkår.

Det er budsjettert med 2 mill. kroner i reduserte kapitalutgifter som følgje av sal anleggsmidlar (kaiar) til Flora Hamn KF. Salssummen for anleggsmidlar blir nytta til innfriung av kommunale lån. Tiltaket er under arbeid, men på tidspunktet for budsjettvedtaket ikkje avklara.

Gevinst sal av konsesjonskraft er auka med 1 mill. kroner frå 2011.

I sum er 2012-budsjettet saldert med innsparingstiltak på 20,9 mill. kroner. I tillegg til det som er nemnt ovanfor, omfattar salderinga fleire rammekutt og effektivisering på tenesteområda, tilsetjingsregulering, reduksjon sjukefråvær og mindre bruk av overtid i omsorg. Tiltak knytt til gjennomføring av omsorgsplanen er utsett. Innsparingstiltaka er fordelte ut på rammene for tenesteområda.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunelova § 46 nr. 6 krev at budsjettet skal vere i balanse etter finansieringstransaksjonar og avsetningar og etter § 46 nr. 3 skal budsjettet vere realistisk. Budsjettet skal fastsetjast på grunnlag av dei inntekter og utgifter kommunen kan forvente i budsjettåret. For å oppfylle realismekravet, bør m.a. inntekter budsjetterast etter eit forsiktighetsprinsipp og at utgifter dekkjer vedteken aktivitet. Fylkesmannen har vurdert om salderingane er å sjå på som uspesifiserte innsparingar, noko som ikkje er tillate i budsjett og økonomiplan. Etter at bystyret sitt vedtak er følgt opp gjennom at innsparingstiltaka er fordelte til rammeområda, meiner vi at dei vedteke rammene er tilstrekkelege til å dekkje planlagt aktivitet, omfang og standard for tenestene i kommunen. Men omfang og sum av innsparingstiltak betyr ein risiko for å klare planlagt inndekning av akkumulert underskot. Etter at revidert nasjonalbudsjett 2012 er framlagt, må kommunen revidere rammetilskotet og skatteinntektene på formue og inntekt.

Økonomiplan 2011 – 2014

For 2013 er salderingstiltaka vidareførte med 28,9 mill. kroner, i 2014 er det lagt inn 25,9 og 2015 er salderinga på 25,7 mill. kroner. I 2013, 2014 og 2015 er det budsjettert med ein margin/overskot på høvesvis 8,5, 6,5 og 4,1 mill. kroner. Spesifikasjon av innsparingane (auka inntekter og reduserte utgifter) er på tilsvarande nivå som bystyret sitt vedtak for 2012.

Fylkesmannen sin kommentar

Det er kommunelova § 44 som regulerer krav og innhald til ein økonomiplan. I økonomiplanen skal det etter § 44 fjerde ledd for kvart enkelt år vere dekning for utgifter og oppgåver som er ført opp i planen. Kommunelova § 46 sjette ledd konkretiserer dette nærare gjennom at det skal vere budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkje renter, avdrag og nødvendige avsetjingar. Med enkelte justeringar ligg det inne føresetnader om at innsparingstiltak som skal gjennomførast i 2012 blir vidareført i

økonomiplanen. Nye tiltak som kjem til frå 2013, er av Fylkesmannen vurdert som tilstrekkeleg konkretiserte. I tillegg er det budsjettert med eit mindreforbruk kvart år i perioden 2013 – 2015.

Tidlegare års underskot

Kommunen hadde eit akkumulert underskot per 31.12.2010 på 18,3 mill. kroner. Flora bystyre vedtok i budsjettrevisjonen for 2010 ei inndecking over tre år (mill. kroner):

2011: 3,5 mill. kroner

2012: 4,0 "

2013: 10,8 "

I bystyret sitt vedtak for budsjett 2012 vart inndeckninga endra til 10,7 mill. kroner. Førebels rekneskap for 2011 viser ei inndecking på 2,3 mill. kroner. Etter dette blir rest for inndecking i 2013 5,3 mill. kroner.

Investeringar og langsiktig gjeld

Kommunen legg opp til eit investeringsbudsjett for 2012 på 112,5 mill. kroner, fordelt på anleggsmidlar 108 mill., kjøp av aksjar og andelar 1,5 mill. (eigenkapitalinnskott KLP), avsetjing ubundne fond 1,5 mill. og avsetjing bundne fond 1,5 mill. kroner. Av investeringane er 100,2 mill. kroner knytt til konkrete prosjekt og 7,8 mill. udisponerte midlar i ramma.

Finansieringa er nye lån 108 mill. kroner og overføring frå driftsrekneskapen 4,5 mill. kroner. Av låneopptak er 24 mill. kroner knytt til investeringar der renter og avdrag skal dekkast av frie inntekter og 84 mill. kroner til sjølvfinansierande tiltak. Udisponerte midlar i ramma på 7,8 mill. kroner er knytt til investeringar finansierte med lån knytt til frie inntekter.

Av unytta lånemidlar nedbetalte kommunen 81,6 mill. kroner av lånegjelda i 2011. Dette påverkar utrekning av minimumsavdrag etter kommunelova. Avdrag er budsjettert etter regelen for minimumsavdrag til 29,2 mill. kroner inklusiv kommunale føretak. Av dette er 24 mill. kroner knytt til kommunen sitt budsjett.

Det er i kommunen sin økonomiplan samla budsjettert med 247,8 mill. kroner i nye låneopptak, av dette 96 mill. kroner der renter og avdrag blir dekt av frie inntekter. Sum budsjetterte avdrag i perioden er 96 mill. kroner. Dette er i samsvar med vedteken investeringsregulering, som betyr at det maksimalt skal takast opp lån der renter og avdrag blir dekt av dei frie inntektene ikkje skal overstige samla minimumsavdrag.

Som Robek-kommune er det etter kommunelova § 50 nr. 9 krav om at kommunale låneopptak skal godkjennast av departementet i dei høve som gjeld § 60 i kommunelova. Departementet har delegert dette myndet til Fylkesmannen.

Fylkesmannen sitt generelle syn på lånegodkjenning til Robek-kommunar er:

- Budsjett og økonomiplan må vere i balanse og nye låneopptak må vere innarbeidd i budsjett og økonomiplan
- Å berre ta opp lån som er sjølvfinansierande
- Å rå frå opptak av lån som aukar driftsutgiftene

Kommunen må sikre at alle prosjekt som skal førast i investeringsrekneskapen etter forskrift vert rekna som påkosting.

Fylkesmannen sin kommentar

Kommunen har høg lånegjeld i forhold til inntektene. Gjennomføring av investeringsregulering fører til reduksjon av lånegjeld der renter og avdrag blir dekt av frie inntekter. På sikt vil dette redusere utgifter til renter og avdrag som skal dekkast av frie inntekter, og det blir meir til rådvelde for tenester til innbyggjarane. Fylkesmannen vil godkjenne låneopptak som er knytt til sjølvfinansierande tiltak og lån som er knytt til konkrete tiltak der renter og avdrag blir dekt av frie inntekter.

Robek

Kommunen blir meldt ut av Robek når bystyret vedtek eit rekneskap der alt underskot er inndecka, og budsjett og økonomiplan er i balanse. Så lenge kommunen er registrert i Robek, ber Fylkesmannen om å få tilsendt bystyret sine saker om økonomirapportering.

Vedtak

Fylkesmannen har føreteke kontroll av Flora kommune sitt budsjett for 2012 og økonomiplanen for 2012 – 2015. Kommunen sitt budsjettvedtak for 2012 og økonomiplan 2012 – 2015 er godkjent. Låneopptak blir godkjent med ei samla låneramme på 100,2 mill. kroner, fordelt på 16,2 mill. kroner til prosjekt finansiert av frie inntekter og 84 mill. kroner knytt til sjølvfinansierande prosjekt. Det er eit vilkår at lån blir betalte tilbake i samsvar med reglane i kommunelova § 50 nr. 7 a – avdragstida kan ikkje overstige den vekta levetida for kommunen sine samla anleggsmidlar ved siste årsskifte.

Etter kommunelova § 50 nr. 9, jf. departementet si fullmakt av 27.02.2001, godkjenner Fylkesmannen at kommunen kan ta opp eit likviditetslån på inntil kr 8 000 000 fram til bystyret gjer vedtak for 2012-rekneskapen.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Kåre Træen
seniorrådgjevar

Kopi pr. e-post: Kryss-revisjon, kryss@forde.kommune.no



INNLEIING OG SAMANDRAG

VISJON OG MÅL

Flora bystyre vil arbeide for at:

Sunnfjordregionen skal vere eit trygt og godt område å bu i.

- Sunnfjordregionen skal ha eit tenestetilbod og eit næringsliv slik at folk med ulik utdanning og kompetanse vil busette seg her.
- Flora kommune kan sikre gode og trygge vilkår for oppvekst, arbeidsliv og alderdom.
- Kommunen skal vere ein stad der alle kjenner seg aksepterte og kan leve eit godt liv.

Visjonen skal vere retningsgjevande for alt planarbeid og aktivitetar i Flora kommune innanfor dei rammeføresetnader som gjeld for kommunen.

Fokusområde

- Rasjonell og effektiv forvaltning – bruk av moderne teknologi for å betre kvalitet både med omsyn til styring og i høve innhaldet i tenestetilboda.
- Berekraftig utvikling – både klima og energioptimalisering, og måten vi møter desse utfordringane på, er viktig for utviklinga.
- Samfunnsutvikling – korleis vi nyttar ressursane for å få til eit breitt tenestetilbod, integrering og internasjonalisering som potensiale for næringsutvikling og rekruttering.
- Senterutvikling – utvikling av kommunen som attraktiv bustadkommune som grunnlag for vidareutvikling og etablering av arbeidsplassar, tenestekvalitet og servicefunksjonar. *Vedteke av Flora bystyre*

Plansystemet

Budsjett og handlingsprogram for 2013 gjev eit samla oversyn over dei ressursane Flora kommune har til rådvelde – med perspektiv på korleis desse ressursane kan utvikle seg i dei næraste åra.


Når kommunelova set fokus på bærekraftig utvikling gjennom eit funksjonsdyktig folkestyre og Flora kommune har definert kva som er visjonen for utviklinga av kommunen og regionen – så har dette i første rekke å gjere med innbyggjarane i kommunen:

- Utviklinga av folketalet, samansetting og trendar.
- Regionale trendar og korleis dei påverkar samfunnsutviklinga.
- Endringar i livsstil og korleis vi tek omsyn til dei.

Kommunen må ta omsyn til kunnskap om desse trendane dersom lokal innsats skal få den verknaden vi ønskjer.

Kommunen har ein rekkje planar for ulike tema og områder. Desse oppdaterast etter behov. Figuren nedanfor viser dei overordna systema for kommunal planlegging. Frå og med denne valperioden er det krav om utarbeiding av kommunal planstrategi. Denne vil gje oss ein moglegheit til å prioritere og ikkje minst rasjonalisere arbeidet og styringa etter kommunale planar.

Det årleg handlingsprogrammet tek omsyn til eksisterande planar.



Kjelde: Kjelde: Rettleiar for Kommunal planstrategi

Dokumentinnhald

Bystyret sin vedtekne visjon frå siste kommunevalperiode vert stadfesta i dette dokumentet.

Kapitel 1 er samfunnsdelen til kommuneplanen, slik bystyret vedtok den i desember 2007. Vedtaka er retningsgjevande for all planlegging i perioden 2008 – 2020. Avsnitta merka "Flora bystyre legg til grunn", er dei politiske prinsippa bystyret legg til grunn for samfunnsutviklinga i 2013. Statlege føringar med omsyn til miljø og klima, utvikling av velferdsstaten i eit lokalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv er bygd inn i formuleringane. Føresetnaden om korleis Flora kommune skal gjere dette er knytt til politikken som vert ført for tilflytting, og bustad- og arbeidsmarknad.

Kapitel 2 er handlingsprogram for overordna og fellestenester som politikk og administrasjon, styring og kvalitetsutvikling, arbeidsmiljø, og rekruttering.

Kapitel 3 handlar om økonomi - korleis budsjetta vert i 2013 og kva verknad dette får for dei neste tre åra.

Kapitel 4 omtalar investeringsprogrammet.

Kapitel 5 dreier seg om kommunale tenester og gebyr.



oppfølging i 2012 og 2013. I tillegg gjennomfører bedriftshelsetenesta helsekartlegging etter egne handlingsplan for kommunen. I 2013 vil merkemda spesielt vere retta mot oppvekstsektoren.

Arbeid med sjukefråvær, krev dialog og tett oppfølging i tenestene, mellom arbeidstakarar, legane, bedriftshelsetenesta og NAV. Nærværprosjektet i 2012 har hatt positiv innverknad på sjukefråværet i omsorgstenesta i 2012 og gode idear vil vi ta med vidare til andre delar verksemda i 2013.

Statistikk:

Sjukefråvær

Samla	Samla	Samla	Samla	Samla	Samla	Samla	Samla	Samla	Samla
sjukefråvær	2003	2004	2005	2006	2007	2 008	2 009	2010	2011
SENTRALADMINIST.	7,44	3,93	5,46	3,44	5,02	6,14	4,63	4,98	6,3
SKULE/BARNEHAGE	7,93	6,73	6,11	6,46	6,99	6,59	7,54	7,41	7
SOSIALE TENESTER/BARNEVERN	12,01	7,03	4,85	11,24	6,88	6,28	6,16	6,81	4,8
HELSETENESTER	2,22	11,48	5,42	5,04	2,2	3,68	3,21	6,81	13,5
OMSORGSTENESTA	10,18	9,7	10,07	10,28	10,7	9,74	8,76	10,19	11,2
KULTUR	10,95	6,16	6,34	9,05	7,98	2,91	2,63	8,44	2,6
TEKNISKE TENESTER	7,58	6,32	6,61	5,09	5,29	5,55	6,23	7,07	7,6
FLORA KOMMUNE	8,46	7,42	7,22	7,32	7,6	7,22	7,25	8,04	8,3

	1. Kvart	2.kvart	3.kvart	4.kvart	Samla
	2010	2010	2010	2010	2 010
SENTRALADMINIST.	4,92	4,22	5,04	4,83	4,98
SKULE/BARNEHAGE	7,96	7,8	6,15	7,74	7,41
SOSIALE TENESTER/BARNEVERN	7,45	6,56	6,24	7,02	6,81
HELSETENESTER	7,45	6,56	6,24	7,02	6,81
OMSORGSTENESTA	10,14	9,47	10,62	10,52	10,19
KULTUR	16,29	8,73	6,06	3,29	8,44
TEKNISKE TENESTER	6,89	6,44	5,71	9,2	7,07
FLORA KOMMUNE	8,5	7,85	7,41	8,42	8,04

	1. Kvart	2.kvart	3.kvart	4.kvart	Samla
	2011	2011	2011	2011	2011
SENTRALADMINIST.	6,8	7,5	5,1	5	6,3
SKULE/BARNEHAGE	8,5	5,2	5,7	8,6	7
SOSIALE TENESTER/BARNEVERN	6,6	2,1	4	3,4	4,8
HELSETENESTER	8	12	13,1	13,2	13,5
OMSORGSTENESTA	14,4	10,8	8,6	10,6	11,2
KULTUR	2,3	3,2	1,3	4,8	2,6
TEKNISKE TENESTER	7,1	8	5,2	6,2	7,6
FLORA KOMMUNE	9,9	7,6	6,7	8,6	8,3

	1. kvart	2. kvart	3. kvart	4. kvart	Samla
	2012	2012	2012	2012	2012
SENTRALADMINIST.	3,9	3	1,6		
SKULE/BARNEHAGE	9,9	6,5	5,2		
HELSE-OG SOSIALE TENESTER	8,7	8,5	5,6		
OMSORGSTENESTA	9,7	6,7	4,9		
KULTUR	6,2	7,3	7,6		
TEKNISKE TENESTER	8,9	10	10,4		
FLORA KOMMUNE	9,1	6,9	5,4		

1.5.3 Kompetanseutvikling

Flora kommune har som mål å vere ein lærande organisasjon. Det vil seie ein kommune som utviklar, forvaltar og nyttar sine kunnskapsressursar, slik at vi blir i stand til å meistre daglege utfordringar og utvikle ny praksis når det er naudsynt.

For å oppretthalde eit kvalitativt høgt nivå og vere ein lærande organisasjon, er vi avhengig ansvarlege leiarar og fagleg dyktige medarbeidarar som har både god teoretisk og praktisk kompetanse. Vi må også vidareutvikle dei systema vi har for kompetanseutvikling der vi ser samanheng mellom individuelle behov og organisasjonen sine behov for auka kompetanse.

